



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Vestnes, 24. august 2020

Til medlemmene i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 4/20
TID: 31.8.2020 kl. 13:00
STED: Formannskapssalen

SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 24/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 3. JUNI 2020
PS 25/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 26/20	FORSLAG TIL BUDSJETT 2021 - KONTROLLARBEIDET I VESTNES KOMMUNE
PS 27/20	PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023
PS 28/20	PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2023
PS 29/20	VURDERING AV KONTROLLUTVALET SITT PÅSJÅ-ANSVAR FOR REKNESKAPS-REVISJON – REVISJONSÅRET 2019
PS 30/20	OPPFØLGINGSLISTE
PS 31/20	EVENTUELT

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall må ein melde på mob 91 37 11 12, E-post:
jane.anita.aspen@kontrollutvalgromsdal.no eller postmottak@kontrollutvalgromsdal.no

Innkallinga går som melding til varamedlemmene som vert innkalla etter behov.

Inge Bergum (s)
utvalsleiar

Jane Anita Aspen (s)
daglig leder

Kopi:
Ordfører
Administrasjonssjef
Møre og Romsdal Revisjon SA



VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2020-1535/04
Arkiv: 033 & 17
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 1.7.2020

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 24/20	Kontrollutvalet	31.8.2020

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 3. JUNI 2020

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 3. juni 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Protokollen vert signert elektronisk.

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte.

Protokollen er tidlegare utsendt. Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i dette møte, samstundes som det vert valt to til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 3/20
Møtedato: 3.6.2020
Tid: Kl. 13.00 – kl. 14.05
Møtestad: Microsoft Teams
Sak nr: 19/20 – 23/20
Møteleiar: Paul Hjelvik, nestleiar (Pp)
Møtande medlemmer: Torfinn Marken (Sp)
Marianne Frøland (H)
Margrethe Anundsen (V)
Forfall: Inge Bergum, leiar (Ap)
Ikkje møtt: Ingen
Møtande vara: Vidar Venås (V/Pp/Ap/Sv)
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen: Anne Oterhals, oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor
Av øvrige møtte: Geir Inge Lien, ordførar
Nils Reimer Eidhammer, økonomirådgjevar
Mona Janne Johansen, Einingsleiar/prosjektleiar

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Sekretær gjorde utvalet merksam på at utsendt møteinnkalling er feil nummerert. Den skal starte på sak nummer 19/20. Sakliste og innkalling vart godkjent.

Møtet vart avvikla som fjernmøte på Microsoft Teams, med heimel i midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av Covid-19.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 19/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 4. MAI 2020
PS 20/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 21/20	PROSJEKTRKESKAP FOR TOMREFJORD IDRETTSBYGG
PS 22/20	OPPFØLGINGSLISTE
PS 23/20	EVENTUELT

PS 19/20	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 4. MAI 2020
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 4. mai 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Paul Hjelvik

2. Marianne Frøland

Protokollen vert signert elektronisk.

Kontrollutvalet si handsaming

Det vart framsett forslag om at Paul Hjelvik og Marianne Frøland vert valt til å underskrive protokollen frå møte 4. mai 2020. Protokollen vert signert elektronisk.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag (5 voterande).

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 4. mai 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Protokollen vert signert elektronisk.

PS 20/20	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

RS 10/20 **Saksutskrift – Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023**, Vestnes kommunestyre 29.4.2020, sak 28/20.

Orienteringssaker:

Ingen

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

PS 21/20	PROSJEKTRKESKAP FOR TOMREFJORD IDRETTSBYGG
-----------------	---

Kontrollutvalet si fråsegn

Kontrollutvalet har i møte 3.6.2020 i sak 21/20 handsama sluttrapport/prosjektrekneskap for «**Prosjekt 130 - Tomrefjord idrettsbygg**».

Grunnlaget for handsaminga har vore Sluttrapport/prosjektrekneskap for prosjekt 130-Tomrefjord idrettsbygg, motteke 31.3.2020 og revisor sin uttale, datert 19.5.2020. Sluttrapport/prosjektrekneskap er datert til februar 2020 og signert av einingsleiar eigedomsdrift. Bygget vart gjenopna 24.11.2018.

Årsaka til sein rekneskapsavlegging er gjennomførte tingingar med entreprenør kring sluttoppgjær, samt nokre reklamasjonar. For framtida bør ein vurdere avsetjingar i rekneskapen til hendingar nemnt i rapporten, slik at prosjektrekneskap kan leggest fram tidlegare enn i dette tilfellet.

Det går fram av prosjektrapporten at byggherre hos Vestnes kommune har vore einingsleiar eigedomsdrift, Mona Janne Johansen. Bygge- og prosjektleiing har vore utført av Norconsult AS, med bistand frå kommunen sjølv.

Prosjektet har eit meirforbruk i høve budsjettet på kr 9 816 000, som er 15 % avvik frå vedteke budsjett. Kommunestyret vedtok ei endeleg budsjettramme på kr 66 291 000 i sak 66/2017. Byggeprosjektet er avlagt med ei utgift på kr 76 107 000.

Prosjektet er finansiert gjennom Vestnes kommune sitt investeringsbudsjett ved bruk av lån, tilskot frå Enova, spelemiddeltilskot og mva.refusjon. Prosjektet må fullfinansierast med auka låneopptak på kr 8 042 000. Revisor rapporterer at kr 9 926 000 av inntektsførte spelemidlar på kr 14 618 000 er godkjent. Desse er enno ikkje utbetalt.

Undervegs i prosjektering og planlegging vart det klart at renoveringa ville koste meir enn det ein først hadde sett føre seg. Tidleg, etter prosjektering og etter at arbeidet med renoveringa var komen i gang, vart det klart at bygget var i langt dårlegare forfatning enn føresett. Det kan vere teikn på at bygget opprinneleg ikkje kan ha vore oppført etter gjeldande byggenorm. Dette medførte mykje endringsarbeid, ny prosjektering og meirarbeid innan byggeleiing. I alle driftsrapportar i 2018 vart det meldt om uføresette utfordringar og kostnadsoverskridingar. Dette vart det gjort greie for under handsaming av økonomiplan 2020-2023 i kommunestyresak 144/2019. Det er meirforbruk på nær alle postar i prosjektet.

Renoveringsarbeidet starta 02.10.2017 og planlagt ferdigstilling var 30.08.2018. Det vart gjeve ei fristforlenging på 42 dagar. Overtakinga skjedde 01.11.2018, og bygget vart gjenopna 24.11.2018.

Kommunen summerer opp prosjektet som krevjande å gjennomføre både praktisk og økonomisk. Samstundes har kommunen no eit bygg som av kvalitet tilsvarar eit nytt bygg. Eit nytt bygg av tilsvarande areal og kvalitet ville anslagsvis ha kosta 150-180 mill. kr.

Revisjonen har den 19.05.2020 gjeve rapport og oppdraget er utført i samsvar med avtale med kontrollutvalet og i samsvar med ISRS 4400 – avtalte kontrollhandlingar. Kontrollhandlingane er ikkje revisjon, men er avtalt og utført for at kontrollutvalet skal ha grunnlag for å vurdere riktigheita av sluttrekneskapen. Det er utført 4 kontrollhandlingar utan at det er rapportert avvik.

På grunnlag av Sluttrapport/prosjektrekneskap og revisor sin uttale, vil kontrollutvalet rå til at Vestnes kommunestyre godkjenner rekneskapen for «prosjekt 130 – Tomrefjord idrettsbygg». Kontrollutvalet har merka seg at prosjektet har eit stort avvik i forhold til budsjett. For framtidige ombyggingsprosjekt, så bør ein ta høgde for at det vert budsjettert med tilstrekkeleg midlar til uføresette forhold.

Kontrollutvalet si handsaming

Prosjektleiari Mona Janne Johansen orienterte innleiingsvis om prosjektet, supplert av Nils Reimer Eidhammer. Johansen og Eidhammer svarte på spørsmål frå utvalet.

Det vart framsett forslag om å føre til følgjande avslutningsvis i fråsegna:

Kontrollutvalet har merka seg at prosjektet har eit stort avvik i forhold til budsjett. For framtidige ombyggingsprosjekt, så bør ein ta høgde for at det vert budsjettert med tilstrekkeleg midlar til utføresette forhold.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i felles forslag til fråsegn (5 voterande)

Sekretariatet sitt forslag til fråsegn

Kontrollutvalet har i møte 3.6.2020 i sak 20/20 handsama sluttrapport/prosjektrekneskap for «**Prosjekt 130 - Tomrefjord idrettsbygg**».

Grunnlaget for handsaminga har vore Sluttrapport/prosjektrekneskap for prosjekt 130-Tomrefjord idrettsbygg, motteke 31.3.2020 og revisor sin uttale, datert 19.5.2020. Sluttrapport/prosjektrekneskap er datert til februar 2020 og signert av einingsleiar eigedomsdrift. Bygget vart gjenopna 24.11.2018.

Årsaka til sein rekneskapsavlegging er gjennomførte tingingar med entreprenør kring sluttoppgjær, samt nokre reklamasjonar. For framtida bør ein vurdere avsetjingar i rekneskapan til hendingar nemnt i rapporten, slik at prosjektrekneskap kan leggast fram tidlegare enn i dette tilfellet.

Det går fram av prosjektrapporten at byggherre hos Vestnes kommune har vore einingsleiar eigedomsdrift, Mona Janne Johansen. Bygge- og prosjektleiing har vore utført av Norconsult AS, med bistand frå kommunen sjølv.

Prosjektet har eit meirforbruk i høve budsjettet på kr 9 816 000, som er 15 % avvik frå vedteke budsjett. Kommunestyret vedtok ei endeleg budsjettramme på kr 66 291 000 i sak 66/2017. Byggeprosjektet er avlagt med ei utgift på kr 76 107 000.

Prosjektet er finansiert gjennom Vestnes kommune sitt investeringsbudsjett ved bruk av lån, tilskot frå Enova, spelemiddeltilskot og mva.refusjon. Prosjektet må fullfinansierast med auka låneopptak på kr 8 042 000. Revisor rapporterer at kr 9 926 000 av inntektsførte spelemidlar på kr 14 618 000 er godkjent. Desse er enno ikkje utbetalt.

Undervegs i prosjektering og planlegging vart det klart at renoveringa ville koste meir enn det ein først hadde sett føre seg. Tidleg, etter prosjektering og etter at arbeidet med renoveringa var komen i gang, vart det klart at bygget var i langt dårlegare forfatning enn føresett. Det kan vere teikn på at bygget opprinneleg ikkje kan ha vore oppført etter gjeldande byggenorm. Dette medførte mykje endringsarbeid, ny prosjektering og meirarbeid innan byggeleiing. I alle driftsrapportar i 2018 vart det meldt om uføresette utfordringar og kostnadsoverskridingar. Dette vart det gjort greie for under handsaming av økonomiplan 2020-2023 i kommunestyresak 144/2019. Det er meirforbruk på nær alle postar i prosjektet.

Renoveringsarbeidet starta 02.10.2017 og planlagt ferdigstilling var 30.08.2018. Det vart gjeve ei fristforlenging på 42 dagar. Overtakinga skjedde 01.11.2018, og bygget vart gjenopna 24.11.2018.

Kommunen summerer opp prosjektet som krevjande å gjennomføre både praktisk og økonomisk. Samstundes har kommunen no eit bygg som av kvalitet tilsvarar eit nytt bygg. Eit nytt bygg av tilsvarande areal og kvalitet ville anslagsvis ha kosta 150-180 mill. kr.

Revisjonen har den 19.05.2020 gjeve rapport og oppdraget er utført i samsvar med avtale med kontrollutvalet og i samsvar med ISRS 4400 – avtalte kontrollhandlingar.

Kontrollhandlingane er ikkje revisjon, men er avtalt og utført for at kontrollutvalet skal ha grunnlag for å vurdere riktigheita av sluttrekneskapen. Det er utført 4 kontrollhandlingar utan at det er rapportert avvik.

På grunnlag av Sluttrapport/prosjektrekneskap og revisor sin uttale, vil kontrollutvalet rå til at Vestnes kommunestyre godkjenner rekneskapen for «prosjekt 130 – Tomrefjord idrettsbygg»

PS 22/20	OPPFØLGINGSLISTE
-----------------	-------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Psykisk helse for barn og unge i Vestnes

Kontrollutvalet behandla i førre periode forvaltningsrevisjonsrapporten «Helsestasjon- og skolehelsetjenester». Fleire av tilrådingane vart svara ut gjennom at kommunen har oppretta «Psykisk helseteam for barn og unge». Administrasjonssjefen opplyser at kommunen har fått prosjektmidlar til 1 stilling knytt til «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes». Det vert ei utfordring å finne eigne midlar, når prosjektmidlane vert nedtrappa. Avtroppande kontrollutval rådde til at det nye kontrollutvalet å halde seg orientert om utviklinga av «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes».

03.06.20: Kontrollutvalet ønskjer i møte 23.11.20 ein statusrapport for arbeidet knytt til «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes».

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gjekk gjennom oppfølgingslista. Det vart ikkje ført opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 23/20	EVENTUELT
-----------------	------------------

Arbeidsplan 2020 – Kontrollutvalet i Vestnes

Det vert gjort følgjande korrigeringar i arbeidsplanen:

Det vert korrigert møtedatoar slik at arbeidsplanen stemmer med avhaldne møter våren 2020.

Oppgåver knytt til tilsyn med forvaltninga

23.11.2020 - Status «Prosjekt psykisk helseteam for barn og unge i Vestnes»

Oppgåver knytt til tilsyn med revisjonen

~~04.05.2020 – Oppdragsavtale med Møre og Romsal Revisjon SA~~

31.08.2020 - Oppdragsavtale med Møre og Romsal Revisjon SA

Paul Hjelvik
nestleiar

Torfinn Marken
medlem

Marianne Frøland
medlem

Margrethe Anundsen
medlem

Vidar Venås
varamedlem

Jane Anita Aspen
sekretær



Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 25/20	Kontrollutvalet	31.8.2020

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Bakgrunn for saka

Referatsaker:

- RS 11/20 **Sluttrapport/prosjektrekneskap – Tomrefjord Idrettsbygg**, saksprotokoll Vestnes kommunestyre 18.6.2020, sak 49/20 (vedlagt).
- RS 12/20 **Tilbakemelding på tilsyn med helsetenester til personar som har ei utviklingshemming**, brev datert 20.5.2020 frå Vestnes kommune til Fylkesmannen i Møre og Romsdal (vedlagt).
- RS 13/20 **Kommunestyrets instruksjonsrett for medlemmene i representantskap i eit interkommunalt selskap IKS**, Artikkel frå Jan F. Bernt vidaresendt frå ÅRIM 24.6.2020 (vedlagt).
- RS 14/20 **Utkast til protokoll fra årsmøte i ÅRIM**, utsendt 19.8.2020 frå ÅRIM.
- RS 15/20 **Utvikling av kommuneøkonomi Møre og Romsdal 2019**, Rapport frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal publisert 16.7.2020 (vedlagt).
- RS 16/20 **Svar på spørsmål om tolkingen av kommuneloven § 23-5**, brev datert 4.8.2020 frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) (vedlagt).
- RS 17/20 **Tilstandsrapport for grunnskolen 2019**, administrasjonssjefen sitt saksframlegg til kommunestyret 18.6.2020, sak 59/20, vedlagt Tilstandsrapport for grunnskolen 2019 (vedlagt).

Orienteringssaker:

- OS 04/20 **Nytt personvernregelverk**
Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik, kan kommunen sikre at ein behandlar personopplysningar lovleg, sikkert og forsvarleg. Det er interessant for kontrollutvalet å følgje med på korleis kommunen har innretta

seg etter personopplysningsreglane, då brot på reglane kan få store konsekvensar for dei det gjeld og føre til store bøter for kommunen. Utvalet har bede administrasjonssjefen om å få ei orientering om implementering av personvernregelverket i utvalet sitt møte 31.8.2020.

Jane Anita Aspen
daglig leder



Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 20/01922
Saksbehandler Nils Reimer Eidhammer

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	08.06.2020	68/20
2 Kommunestyret	18.06.2020	49/20

Sluttrapport / prosjektrekneskap - Tomrefjord Idrettsbygg

Kommunestyret har behandlet saken i møte 18.06.2020 sak 49/20

Møtebehandling

Geir Tony Tomren (Uavh) bad om å få vurdert sin habilitet då han er leiar av aktivitetsstyret. Kommunestyret vedtok samrøystes at Geir Tony Tomren (Uavh) var habil. (21 røysteføre).

Framlegg til nytt pkt. frå V fremma i møte av Martin Kjøpstad (V):

- Kommunen trekk lærdommar av dette prosjektet for framtida.

Votering

Det vart først røysta over innstillinga frå formannskapet. Denne vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta over nytt pkt. frå V. Dette vart og samrøystes vedteke.

Kommunestyret sitt vedtak

- Kommunestyret i Vestnes kommune godkjenner sluttrapport / prosjektrekneskap for Tomrefjord Idrettsbygg
- Kommunestyret godkjenner at meirforbruk i prosjektet vert finansiert med eit låneopptak på **kr 8 042 000,-**, jf kommuneloven § 14-15, 1.ledd
- Kommunen trekk lærdommar av dette prosjektet for framtida.

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
Postboks 2520
6404 MOLDE

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar	Dato
	20/00982-5	Anna S Vollen Balstad +47 71181052	20.05.2020

Tilbakemelding på tilsyn med helsetenester til personar som har ei utviklingshemming

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med Vestnes kommune den 27.11 og 29.11.2019, samt 10.12.2019.

I tilsynet undersøkte Fylkesmannen om kommunen gjennom systematisk styring og leiing sikrar at personar over 18 år som har ei utviklingshemming får nødvendige og forsvarlege helsetenester i heimen.

Tilsynet var avgrensa til å gjelde helsetenester i heimen som er gitt av kommunen sitt personale. Helsetenestester i heimen omfattar helsetenester som er initiert av kommunen si helseteneste og oppfølginga av tiltak som er sett i verk av brukar sin fastlege eller spesialisthelsetenesta. Følgjande helsetenester inngjekk i tilsynet: legemiddelhandtering, oppfølging av legekonsultasjon, oppfølging for å vurdere behov for nødvendig helsehjelp hos lege og helsehjelp ved akutte tilstandar. Det var lagt særleg vekt på undersøkingane knytt til legemiddelhandtering.

Vestnes kommune fekk følgjande lovbrøt:

Vestnes kommune sikrar ikkje at alle personar som har ei utviklingshemming får forsvarlege helsetenester gjennom kartlegging av behov, utmåling av tenester i vedtak, tiltaksplan, tenesteutføring og evaluering av tenesteutføringa.

Dette er brot på:

- Pasient- og brukerrettighetslova § 2-1a og helse- og omsorgstenestelova § 3-1
- Forvaltningslova § 17, helse- og omsorgstenestelova §§ 4-1 og 4-2, forskrift om leiing og kvalitet §§ 6-9

Vestnes kommune sikrar ikkje forsvarleg gjennomføring av legemiddelhandtering og at alle tilsette har tilstrekkeleg kompetanse i å gjennomføre førstehjelp.

Dette er brot på:

- Helse- og omsorgstenestelova § 4-2 første ledd, jf. legemiddelhandteringsforskrifta § 4,
- Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a, jf. §§ 4-1, 5-10 og kapittel 8,
- Helsepersonellova §§ 16 og 39
- Journalforskrifta § 5

Fylkesmannen ber Vestnes kommune om å legge fram ein plan for retting av lovbrota som minimum inneheld følgjande fire element:

1. Tiltak som skal settast i verk for å rette lovbrota

- Vestnes kommune vil utarbeide rutinar/revidere rutinar for å sikre kartlegging og vurdering av tenestemottakarane sine behov og utmåling av tenester.
 - Vestnes kommune vil revidere: Rutine for behandling av søknadar Helse og omsorg.
 - Vestnes kommune er i ferd med å utarbeide: Rutine ved endring i eksisterande tenestevetak.
 - Vestnes kommune vil endre på rutina: IPLOS – plikt til å kartlegge, slik at ein fangar opp når det er registrert endring av behov i IPLOS eller når tenestemottakar gir uttrykk for eit behov for tenester.
- Vestnes kommune vil utarbeide rutinar som sikrar planlegging, gjennomføring, evaluering og korrigering av helsetenestene til personar som har ei utviklingshemming.
 - Vestnes kommune vil revidere: Rutine for behandling av søknadar Helse- og omsorg
 - Vestnes kommune er i ferd med å utarbeide: Rutine ved endring i eksisterande tenestevetak.
 - Vestnes kommune vil revidere rutina: IPLOS- plikt til å kartlegge.
 - Her vil ein legge inn i rutina at ein skal dokumentere i journal kven som har teke IPLOS-registrering og at brukar/deira representant har delteke ved IPLOS-kartlegginga.
 - Ein vil og evaluere rutina for gjennomgang av Iplos kvar 6. veke
 - Vestnes kommune vil revidere rutina: IPLOS vurdering- rutine for opplæring
 - Vestnes kommune vil revidere: Journal – rutine for dokumentasjon
- Vestnes kommune vil sikre gjennom rutine og implementering av rutine; Journal-rutine for dokumentasjon, at tiltaksplan er i tråd med vedtak/ og eller brukar sitt behov. I rutina står det og at ein skal dokumentere gjennom dagleg rapport.
- Vestnes kommune vil revidere rutina: Opplæring i bruk av CosDoc. På denne måten vil ein sikre at nyttilsette får opplæring, og at ein arrangerer kurs ved behov. Ein vil og sikre at tilsette har fått opplæring i kvar ein skal dokumentere ulike opplysningar, at journalen inneheld relevante opplysningar om tenestemottakaren og at aktuelle problemområde er oppretta.

- På grunn av at det ikkje er samsvar mellom IPLOS-registreringar og vedtak om tenester, skal Vestnes kommune gå gjennom eksisterande vedtak for å rette opp i dette.
 - her skal ein og vurdere om følgje til lege/tannlege er helsehjelp eller praktisk bistand.
- Vestnes kommune vil arbeide med å gjere meir kjent «Nasjonale faglige retningslinjer for forebygging og behandling av underernæring».
 - Vestnes kommune vil utarbeide rutine for gjennomføring av ernæringskartlegging og rutine å forebygge og behandle underernæring.
 - Vestnes kommune vil utarbeide rutine for overtaking av ansvar for legemiddelhandtering til tenestemottakarane.
 - Vestnes kommune har utarbeidd rutine for godkjenning innan legemiddelhandtering for sjukepleiar og vernepleiarar (vedlegg 1).
 - Vestnes kommune har lagt inn i den praktiske opplæringa i legemiddelhandtering eit punkt som sikrar at tenesteytarane er gjort kjent med verknad og biverknad av legemiddela som vert brukt (vedlegg 2).
 - Vestnes kommune vil endre på rutine, slik at ein sikrar opplæring av legemiddelhandtering av nye tilsette før dei får delegert oppgåver knytt til legemiddelhandtering.
 - Vestnes kommune vil utarbeide rutine som sikrar legemiddelhandtering i overgangen mellom ulike tenesteområde
 - Bu – og habiliteringstenesten skal fullføre risikovurdering av legemiddelhandtering.
 - Vestnes kommune har lagt inn eit punkt i opplæringsloggen som sikrar at tenesteytarane får opplæring i tenestemottakarane sine diagnoser (vedlegg 3).
 - Vestnes kommune vil ha gjennomgang av rutina for kven som skal ha opplæring av nye tilsette, slik at ein etterlever det rutina beskriv. Det skal vere hovudsakleg miljøterapeut/fagansvarleg og primærkontakt som er opplæringsansvarleg.
 - Vestnes kommune vil sikre at alle får tilstrekkeleg opplæring i dokumentasjon og bruk av kommunen sitt kvalitetssystem.
 - Vestnes kommune vil revidere rutina: Journal – rutine for dokumentasjon, slik at all relevant informasjon om gjennomført tenestyting blir dokumentert fortløpande, at ein dokumentera på rett stad, at journalen inneheld relevante opplysningar og at relevante problemområde er oppretta.
 - Vestnes kommune er i ferd med å utarbeide: Rutine – opplæring i bruk av CosDoc.
 - Bu – og habiliteringstenestene har som eit punkt i opplæringslogg; opplæring i Vestnes kommune sitt kvalitetssystem Risk Manager (vedlegg 3).
 - Vestnes har utarbeidd rutine for handtering av avvik i Risk Manager og CosDoc (vedlegg 4).

- Vestnes har utarbeidd signeringsliste for gjennomført opplæring i Risk Manager Kvalitetssystem(vedlegg 5).
- Vestnes kommune har endra rutina for opplæring i førstehjelp, slik at opplæring blir gitt hyppig nok til å fange opp både fast tilsette og alle nye tilsette (vedlegg 6).
- Vestnes kommune vil utarbeide rutine for å kartlegge kvar enkelt tenesteytar sin kompetanse og kva ferdigheit den enkelte treng for å gje tenestemottakar individuelt tilpassa helsetenester.
- Vestnes kommune er i gang med å utarbeide rutine for journalansvarlege.
- Fylkesmannen skriv at Vestnes kommune ikkje involvera brukarorganisasjonane for personar som har ei utviklingshemming og deira pårørande i utarbeidinga av kommunen sine planar for tenesteytinga på systemnivå. Rådet for funksjonshemma i Vestnes kommune har regelmessige møter gjennom året, og sakene som skal takast opp vert offentleggjort på heimesida. På desse møta vert kommuneplan/handlingsplan, årsrapport, budsjett og rekneskap etc. lagt fram før dei vert politisk behandla. Representantane får kome med innspel.

2. Korleis leiinga i kommunen vil følgje med på å kontrollere at tiltaka er satt i verk.

Leinga vil på følgjande måte sikre at tiltaka er implementert:

- Einingsleiar som har ansvar for å utarbeide prosedyrar innanfor Bu- og habiliteringstenestene, har faste møter med avdelingsleiarane kvar veke, og i dette fora vert prosedyrar gått gjennom
 - Leinga har faste møter kvar månad med miljøterapeutane, og her går ein gjennom både nye og reviderte prosedyrar
 - Miljøterapeut og/eller avdelingsleiar har ansvar for å implementere prosedyrane i bu-einingane – dette vert gjort på team-møter og/eller personalmøte.
- Tenestekontoret har i oppgåve å utarbeide enkelte prosedyrar som er felles for Helse- og omsorgstenestene
 - Leinga i Bu- og habiliteringstenestene har faste møter med tilsette frå tenestekontoret, og har vert nye prosedyrar gått gjennom, og så vert dei implementert vidare på same måte som dei andre prosedyrane.
- Einingsleiar har ansvar for å revisjon av internkontrollsystemet i Bu- og habiliteringstenestene. Enkelt prosedyrar reviderast årleg eller etter behov. Revisjon skal syte for at samla erfaring med bruk av systemet frå aktuelle instansar, som fagansvarlege/miljøterapeut, tillitsvalde og verneombod ligg føre.

3. Korleis leiinga vil gjennomgå om tiltaka har virka etter at dei har fått virke ei stund

- Ved gjennomføring av revisjon av internkontrollsystemet, vil leiinga fange opp om prosedyrane er implementert i tenesta.
- Einingsleiar får og tilbakemelding frå avdelingsleiarane og miljøterapeutane på våre faste regelmessige møter om tiltak fungerer som planlagt.

- Eininga har og regelmessige samarbeidsmøte med tenestekontoret. Her går ein gjennom tenestevedtaka, journalføring, IPLOS-vurdering, prosedyrar etc. Her fangar leiinga opp ting som ikkje fungera som det skal.
- Einingsleiar rapportera til kommunalsjef Helse- og omsorg dersom det er prosedyrar tenestekontoret skal revidere eller opprette.

4. Når avvika skal vere retta og verksemda sin eigne fristar for å sikre framdrift

- Vestnes kommune vil arbeide kontinuerleg i tida framover for å retta avvika, og ein vil ferdigstille uferdige prosedyrar innan 30. juni 2020.
- Ein er i gang med å gå gjennom eksisterande vedtak for å rette opp i at det skal vere samsvar mellom IPLOS-registreringar og vedtak om tenester. På grunn av at dette er ein ganske stor prosess, så må ein få bruke ut året 2020 på denne prosessen.
- Bu – og habiliteringstenestene har starta kartleggingsarbeidet for å gjennomføre ei risikovurdering av legemiddelhandtering. På grunn av Koronapandemien, stoppa denne prosessen opp. Avvikling av sommarferien står no for tur, så ein ber om at fristen for denne gjennomføringa kan setjast til 30. september 2020.

Vestnes kommune, Bu – og habiliteringstenestene ved einingsleiar Anna V. Balstad vil orientere kommunen si politiske leiing om innhaldet i rapporten frå tilsynet.

Med helsing

Anna S Vollen Balstad
Einingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Vedlegg 1-6

Fra: [Post Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap](#)
Til: [Lien, Geir Inge](#); [frank.sve@mrfylke.no](#); [eva.hove@fjord.kommune.no](#); [hava@giske.kommune.no](#); [eva.vinje.aurdal@alesund.kommune.no](#); [Geir.Ove.Leite@alesund.kommune.no](#); [tore.johan.ovstebo@alesund.kommune.no](#); [cine.finstad.austnes@alesund.kommune.no](#); [kirsti.dale@alesund.kommune.no](#); [hans.kjetil.knutsen@alesund.kommune.no](#); [bjorn.sandnes@alesund.kommune.no](#); [odd.jostein.drotninghaug@sykkylven.kommune.no](#); [jim-arve.rossevold@sula.kommune.no](#)
Kopi: [post@mrrevisjon.no](#); [bjorn.tommerdal@sksiks.no](#); [Aspen, Jane Anita](#); [rbergun@online.no](#); [ingabe@stranda.kommune.no](#); [kjersti.ruset.hjelle@stordal.kommune.no](#); [vebjorn.krogsaeter@alesund.kommune.no](#); [jarle.h.steffenssen@alesund.kommune.no](#); [anders.lindbeck@alesund.kommune.no](#); [Hakon.Lykkebo.Strand@alesund.kommune.no](#); [Kari.Grindvik](#) ([kari.grindvik@alesund.kommune.no](#)); [wenke.engvik.gjortz@alesund.kommune.no](#); [Sissel.Standal@alesund.kommune.no](#); [anita.kjersheim@sykkylven.kommune.no](#); [svein.vaernes@sula.kommune.no](#); [liv.stette](#); [post@fjord.kommune.no](#); [post@giske.kommune.no](#); [post@stranda.kommune.no](#); [postmottak@sula.kommune.no](#); [postmottak@sykkylven.kommune.no](#); [Vestnes - postmottak](#); [postmottak@alesund.kommune.no](#); [Jan Egil Korseberg](#); [petter@vor.no](#); [einar@reinholdsvetket.no](#); [Annik Fet](#) ([annik.fet@iot.ntnu.no](#)); [Eva Skog](#); [Fride Skarbø](#); [Jessica Gärtner](#) ([jessica.gartner@rostein.com](#)); [katrin@verdsarvfjord.no](#); [knutflo@yahoo.no](#); [lskjerstad@hotmail.com](#); [monica@busengdal.no](#); [Reidar Andresen](#) ([reidar@judicia.no](#)); [Sveinung Valderhaug](#) ([svevalde@online.no](#)); [Tom Haugen](#); [Torill Ansnes](#) ([toran27@stranda.kommune.no](#)); [Trygve Holm](#); [Ingeborg Ukkelberg](#); [Lars M. Fugledal](#); [Tor Langlo-Johansen](#); [Øystein Peder Solevåg](#)
Emne: Kommunestyrets instruksjonsrett for medlemmene i representantskapet i eit interkommunalt selskap IKS [SAK0000015815]
Dato: 24. juni 2020 09:02:07
Vedlegg: [image001.png](#)

Sommerlektyre for spesielt interesserte (t.d. representantskapet i ÅRIM):

I ein artikkel i Kommunal Rapport uttaler Jan F. Bernt at «– Jeg kan ikke se at det er rettslig grunnlag for at kommunestyret kan instruere eierrepresentanten i interkommunale selskaper». Artikkelen er klipt inn under.

Tidlegare KS Bedrift, no Samfunnsbedriftene, er arbeidsgivar- og interesseorganisasjon for dei interkommunale selskapa i Noreg. Her er svaret deira:

I lovforarbeidene til IKS-loven (Ot.prp. nr. 53 (1997-98) Om lov om interkommunale selskaper og lov om endringer i kommuneloven m m (kommunalt og fylkeskommunalt foretak)) - står det følgjende i merknaden til IKS-loven § 7 første ledd andre punktum:

«Representantskapsmedlemmene representerer sine respektive kommuner og fylkeskommuner i selskapsforholdet. Vedkommende (fylkes)kommune har instruksjonsrett overfor sine medlemmer i representantskapet. Dette innebærer at flertallet i kommunestyret/fylkestinget eller det organ som har fått myndighet til det, kan gi sine representanter instruks om stemmegivningen i representantskapet. Dette vil også gjelde hvor deltakerens representanter er valgt ved forholdsvalg. Der det ikke foreligger noen instruks, er det opp til representantskapsmedlemmene å stemme etter sin egen vurdering i de konkrete saker som er til behandling innan rammen av lov, selskapsavtale og alminnelige krav til lojalitet mot selskapet og den kommune eller fylkeskommune vedkommende representerer.»

Se: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-53-1997-98-/id159051/?ch=9#kap9-1>

Vi forholder oss til det som uttrykkes i forarbeidene på dette punktet. Av instruksjonsretten følger normalt også en plikt til å stemme iht. instruks. Det er ikke direkte regulert i IKS-loven eller lovens forarbeider hva som er konsekvensen dersom representantskapsmedlemmet stemmer i strid med avgitt instruks fra kommunestyret i en bestemt sak. Stemmegivning i strid med instruks må likevel kunne oppfattes som et pliktbrudd, og ikke minst et tillitsbrudd. Medlemmene i representantskapet er eiers representant og skal primært ivareta eierinteressen, og ikke andre eller egne interesser. Vi mener at det i en slik situasjon, der representantskapsmedlemmet har avgitt stemme i strid med eiers instruks, bør vurderes nærmere om og hvordan dette evt. får konsekvenser for vedtaket i representantskapet.

Med vennlig hilsen

Elen Schmedling Gimnæs

advokatfullmektig

+47 48 28 75 50 | esg@samfunnsbedriftene.no

 **Samfunnsbedriftene**

Haakon VII's gate 9, Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo

samfunnsbedriftene.no | [Facebook](#) | [Twitter](#)

Ha ein riktig god sommar. Vi treffast på årsmøte i ÅRIM 19. august på Framtidslaben.

Øystein Solevåg

Dagleg leiar

ÅRIM - Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS

Langelandsvegen 1 - 6010 ÅLESUND

Mobil: +47 40 23 47 05 - Tlf dir: +47 70 31 41 01

PUBLISERT 22.06.2020 10:28

– Jeg kan ikke se at det er rettslig grunnlag for at kommunestyret kan instruere eierrepresentanten i

interkommunale selskaper

Kan kommunestyret instruere eierrepresentanter?

SPØRSMÅL: Kommunene har mange eierskap i svært ulike selskaper. Mange kommuner begynner etter hvert å ha gode Eiermeldinger, der det gjerne står noe om intensjonen med eierskapet. Utover Eiermeldinger av varierende kvalitet er Eierstyringen fra kommunestyre/fylkesting lite synlig. Det kan virke som det er opp til hver enkelt Eierrepresentant å vurdere hva (fylkes) kommunen skal mene om forhold som sammenslåing, oppdeling eller nedleggelse av et selskap. Spørsmålet er om kommunestyret kan instruere Eierrepresentanten som møter i generalforsamlinger, årsmøter og andre eierskapsforsamlinger på sine vegne?

Lowverket sier så langt jeg har funnet ut ingenting om dette. KS' anbefaler at kommunestyret/fylkestinget instruerer Eierrepresentanten i interkommunale selskaper, men hva med Eierrepresentanten i de andre selskapsformene? Det er nærliggende å regne med at det samme gjelder her, men KS har ikke anbefalt det eksplisitt. Hva sier Bernt?

SVAR: Her er det flere varianter og den del gråsoner.

For selskapsmessige organisasjonsformer forankret i kommuneloven er det sikker rett at på samme måte som i andre folkevalgte organer er medlemskap i slike styringsorganer personlige verv der ingen kan gi bindende instruks til det enkelte medlem om hvordan hun skal utøve vervet. Dette gjelder for styre i kommunale og fylkeskommunale foretak ([§ 9-8](#)), og for representantskap i interkommunalt politisk råd og i kommunalt oppgavefelleskap (hhv. [§ 18-3](#) og [§ 19-3](#)). Men for alle disse gjelder den samme regelen som for kommunale og fylkeskommunale utvalg; kommunestyret eller fylkestinget kan når som helst skifte ut de medlemmene de har valgt, se hhv. [9-7](#) siste avsnitt, [§ 18-3](#) tredje avsnitt, andre setning, og [§ 19-3](#) fjerde avsnitt, andre setning).

I den andre enden ligger aksjeselskapene. Organene i disse er regulert i aksjeloven, ikke i kommuneloven, og med unntak av bestemmelsen i kommuneloven [§ 21-1](#) om representasjon av begge kjønn i styret er det aksjeloven som bestemmer sammensetning av og ansvarsforhold for de styrende organer i disse, også der de er helt eller delvis kommunalt eller fylkeskommunalt eid.

- **Les også:** [Må de nye kommunestyrene delegerer myndighet til IKS-er?](#)

Det øverste organet i et aksjeselskap er generalforsamlingen. Møterett i denne har «aksjeeierne ... enten selv eller ved fullmektig etter eget valg» (aksjeloven [§ 5-2 nr. 1](#)). Aksjeeier er her kommunen eller fylkeskommunen, og den eller de som møter for denne i generalforsamlingen, gjør det på kommunens eller fylkeskommunens vegne i

kraft av fullmakt fra denne. I motsetning til den som er valgt til verv etter kommuneloven, kan den som møter med slik fullmakt fortløpende instrueres om hvordan hun skal utøve denne, i praksis ved vedtak fra kommunestyret eller fylkestinget om hvordan det skal stemmes i bestemte saker.

I generalforsamlingen skal kommunen eller fylkeskommunen tale med én stemme. Og fullmakten til den som møter for kommunen eller fylkeskommunen, kan når som helst tilbakekalles. Hvis kommunen eller fylkeskommunen er eeneier, er det ikke usedvanlig at man benytter kommunestyret eller fylkestinget som generalforsamling. Det betyr i så fall at de vedtak som treffes der, rettslig sett er en beslutning om hvordan kommunen eller fylkeskommunen skal utøve sin kompetanse som (ene) aksjonær i selskapet.

- **Les også:** [Representantskap til et IKS skal velges av kommunestyret selv](#)

Forvaltningen av et aksjeselskap ligger imidlertid til styret, som har myndighet til å treffe vedtak i alle saker så langt dette ikke strider mot selskapets vedtekter eller vedtak i generalforsamlingen, se aksjeloven [§ 6–12](#) nr. 1. Generalforsamlingen velger styremedlemmene, med unntak av representantene for de tilsatte (aksjeloven [§ 6–3](#) nr. 1, jf. nr. 2) for to år. Ved valg av selskapets styre avgir kommunen eller fylkeskommunen som sådan én samlet stemme om dette. Det er ikke adgang til å kreve forholdsmessig fordeling mellom ulike partier i styret. Flertallet i kommunestyret eller fylkestinget vedtar i sin helhet hvordan man vil stemme om dette. Men vervet som styremedlem er et personlig verv med personlig ansvar. Styremedlemmer kan ikke instrueres, verken av kommunestyre, fylkesting eller generalforsamling, og generalforsamlingen kan bare instruere styret, ikke det enkelte medlem.

Interkommunale selskaper er i en litt uklar gråsoner mellom disse to modellene. De er forankret i egen lov om slike, og går dermed ikke inn under verken kommuneloven eller aksjeloven. De etableres ved en selskapsavtale mellom deltakende kommuner og fylkeskommuner der det blant annet fastsettes regler om sammensetning av to organer som tilsvarer generalforsamlingen og styret i aksjeselskaper; representantskapet og styret (IKS-loven [§ 4](#)).

Representantskapet er øverste organ i selskapet ([§ 7](#)). Hver av de deltakende kommunene eller fylkeskommunene skal ha minst ett medlem i dette. De velges av det enkelte kommunestyre eller fylkesting. Disse bestemmer selv om de vil foreta valgene ved forholdsvalg eller flertallsvalg, med andre ord om flertallet velger alle, eller om også opposisjonen i kommunestyret eller fylkestinget skal være representert. Valg skjer som utgangspunkt for fire år om gangen, men kommunestyret eller fylkestinget kan foreta nyvalg av sine representanter for resten av valgperioden om de finner grunn til det.

- **Les også:** [Styreleder for foretak må bo i kommunen](#)

I [§ 9](#) første setning fastslås at hvert medlem har én stemme i representantskapet. Etter min mening må det forstås som at medlemskap av dette organet er et individuelt verv

med personlig ansvar. Medlemmene møter ikke med fullmakt, men i kraft av å være utpekt ved valg, og da er det nærliggende å legge til grunn at det ikke kan gis bindende instruks til den enkelte om hvordan hun skal utøve sitt verv. Jeg merker meg at det opplyses at KS anbefaler at kommunestyret eller fylkestinget «instruerer eierrepresentanten i interkommunale selskaper», men jeg kan ikke se at det er rettslig grunnlag for at det kan gis slike bindende instruks. Kommunestyret eller fylkestinget kan selvsagt gi uttrykk for hvordan det ønsker representanten skal stemme i en bestemt sak, men det har ingen rettslige konsekvenser for gyldigheten av det vedtak som treffes der, om representanten ikke følger instruks.

Det samme gjelder i enda sterkere grad for styremedlemmene, som er valgt av representantskapet og dermed bare står til ansvar overfor dette. Felles for begge disse organene er at medlemmene forutsettes å sette seg inn i og delta ved vedtak på grunnlag av sin beste overbevisning om hva som er best for selskapet, og da etter å ha hørt på og deltatt i debatten om dette i hhv. representantskapet eller styret. Representantskapsmedlemmer kan skiftes ut ved nyvalg i perioden, men ikke med tilbakevirkende kraft.

ÅRIM

Langelandvegen 1

6010 ÅLESUND



19. august 2020

Protokoll frå årsmøte i ÅRIM

Tid: Onsdag 19. august 2020 kl. 0830 – 1130

Stad: Ålesund Framtidslab, Campus Ålesund

Til stades:

Frå representantskapet

Eva Hove	Fjord kommune
Harry Valderhaug	Giske kommune
Jim Arve Røssevoll	Sula kommune
Frank Sve	Stranda kommune
Odd Jostein Drotninghaug	Sykkylven kommune
Geir Inge Lien	Vestnes kommune
Eva Vinje Aurdal	Ålesund kommune
Tore Johan Øvstebø	Ålesund kommune
Geir Ove leite	Ålesund kommune
Bjørn Sandnes	Ålesund kommune
Hans Kjetil Knudsen	Ålesund kommune
Håkon Lykkebø Strand (vara for Cine Finstad Austnes)	Ålesund kommune
Kari Grindvik (vara for Kirsti Dale)	Ålesund kommune

Andre deltakarar

Reidar Andresen, styreleiar

Øystein Peder Solevåg, dagleg leiar

Kathrin Haram, Møre og Romsdal Revisjon SA

Saker som blei behandla

Sak 1: Konstituering av møtet

Forslag til vedtak:

- 1) Representantskapet godkjenner innkallinga.
- 2) Representantskapet vel xxx og xxx til å skrive under protokollen saman med leiar i representantskapet.

Behandling i møtet:

Tore Johan Øvstebø opna møtet som leiar av representantskapet for perioden 2016 – 2020.

Grunnlaget for frammøte og representasjon blei gjennomgått. Det blei gitt tilslutning til å behandle sak 12 som andre sak i møtet.

Øvstebø foreslo Hans Kjetil Knudsen og Odd Jostein Drotninghaug til å skrive under protokollen.

Samrøystes vedtak:

- 1) Representantskapet godkjenner innkallinga.
- 2) Representantskapet vel Hans Kjetil Knudsen og Odd Jostein Drotninghaug til å skrive under protokollen saman med leiar i representantskapet.

Sak 2: Godkjenning av protokoll frå møte i representantskapet 21. oktober 2019

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga: Protokollen blir godkjend.

Sak 3: Orientering om etableringa av ReMidt IKS – samanslåing av tre interkommunale renovasjonsselskap i Midt-Noreg

Saken blei trekt.

Sak 4: Orientering om arbeidet i ÅRIM

Behandling i møtet:

Dagleg leiar og styreleiar orienterte, orienteringa blir sendt ut til representantskapet saman med protokollen.

Dei eksterne rapportane som er utarbeidd som ein del av arbeidet med å greie ut tettare samarbeid mellom dei kommunale avfallsselskapa i regionen blir også sendt ut saman med protokollen.

Samrøystes vedtak: Representantskapet tek orienteringa til vitande.

Sak 5: Årsmelding og rekneskap 2019 for ÅRIM

Forslag til vedtak:

- 1) Representantskapet godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga for 2019.
- 2) Styret ber representantskapet godkjenne utbetaling av 806 911 kr i utbytte for 2019.

Behandling i møtet:

Dagleg leiar orienterte og svarte på spørsmål.

Frank Sve oppmoda om at framtidige rekneskap også hadde med vedtatt budsjett i oppstillinga.

Tore Johan Øvstebø foreslo språkleg justering av punkt 2) i vedtaket.

Frank Sve fremja følgjande forslag til nytt punkt 3) i vedtaket: «Representantskapet ber styret i ÅRIM rydde opp i forholdet ang Bingsa Gjenvinning AS, jf. årsmeldinga sin omtale på side 34, - så raskt som overhodet mulig og melde attende til representantskapet.»

Samrøystes vedtak:

- 1) Representantskapet godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga for 2019.
- 2) Representantskapet godkjenner utbetaling av 806 911 kr i utbytte for 2019.
- 3) Representantskapet ber styret i ÅRIM rydde opp i forholdet ang Bingsa Gjenvinning AS, jf. årsmeldinga sin omtale på side 34, - så raskt som overhodet mulig og melde attende til representantskapet.

Sak 6: Arbeidet med ny selskapsavtale for ÅRIM

Forslag til vedtak

Styret ber representantskapet oppmode eigarkommunane til å gjennomføre forhandlingar med sikte på å bli samde om ein ny selskapsavtale for ÅRIM.

Behandling i møtet:

Tore Johan Øvstebø orienterte om status for behandling av selskapsavtalen. Selskapsavtalen er vedtatt i Vestnes kommune og Ålesund kommune. Den utgåva av selskapsavtalen som er vedtatt av desse kommunane ligg ved protokollen. Øvstebø fremja følgjande forslag: «Representantskapet ber alle kommunen sikre dei formelle tilhøva knytt til selskapsavtalen og oppnemning av medlemmer til representantskapet».

Samrøystes vedtak: Representantskapet ber alle kommunen sikre dei formelle tilhøva knytt til selskapsavtalen og oppnemning av medlemmer til representantskapet.

Sak 7: Val av styremedlemmer

Valkomiteen sitt forslag til vedtak:

Styremedlemmer:

Reidar Andreassen

Jessica Gärtner

Monica Busengdal

Katrin Blomvik Bakken

Kenneth Langvatn

Varamedlemmer:

1. Joakim Skaar

3. Ragnhild Risten Døving

5. Haldor Lillebø

6. Trude Fimland Sjøholt

Behandling i møtet:

Eva Vinje Aurdal foreslo å erstatte Jessica Gärtner med Liv Stette som fast medlem i styret og å erstatte Trude Fimland Sjøholt med Jessica Gärtner som sjette vara til styret.

Samrøystes vedtak:

Faste medlemmer i styret etter årsmøtet i 2020:

Reidar Andresen (på val i 2022)

Liv Stette (på val i 2022)

Annik Magerholm Fet (på val i 2021)

Knut Magne Flølo (på val i 2021)

Monica Busengdal (på val i 2022)

Katrin Blomvik Bakken (på val i 2022)

Kenneth Langvatn (på val i 2022)

Fride Skarbø (vald av og blant dei tilsette, på val i 2022)

Tom Kenneth Haugen (vald av og blant dei tilsette, på val i 2022)

Varamedlemmer i styret etter årsmøtet i 2020:

1. Joakim Skaar (på val i 2022)

2. Torill Ansnes (på val i 2021)

3. Ragnhild Risten Døving (på val i 2022)

4. Torbjørn Emblem (på val i 2021)

5. Haldor Lillebø (på val i 2022)

6. Jessica Gärtner (på val i 2022)

Eva Skog (vara for tilsette sine representantar, på val i 2022)

Knut Ove Rødseth (vara for tilsette sine representantar, på val i 2022)

Sak 8: Val av styreleiar og nestleiar i styret

Valkomiteen sitt forslag til vedtak:

Reidar Andresen blir vald som leiar og Jessica Gärtner som nestleiar i styret i ÅRIM.

Behandling i møtet:

Tore Johan Øvstebø foreslo Liv Stette som nestleiar.

Samrøystes vedtak: Reidar Andresen blir vald som leiar og Liv Stette som nestleiar i styret i ÅRIM.

Sak 9: Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga:

- 1 Styret foreslår Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for ÅRIM.
- 2 Godtgjersle blir etter rekning.

Sak 10: Fastsetjing av godtgjersle til styret, valkomiteen og klageutvalet og forslag til godtgjersle for representantskapet

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga:

- 1) Årsmøtet fastsetjer følgjande honorar for medlemmene i styret, valkomiteen og klagenemnda (auke på 3,1 %):

Funksjon	Honorarsats for 2020
Styreleiar	94 429
Nestleiar i styret	70 820
Styremedlem	47 212
Varamedlem og medlem i valkomiteen og klagenemnda, per møte	4 027

- 2) Medlemmene får dekkja skyss- og kostutgifter etter satsene til staten.

- 3) Tapt arbeidsforteneste blir dekkja i samsvar med retningslinjer i styreinstruks for ÅRIM.

- 4) Øvre ramme for årleg utbetalt godtgjersle til medlem i valkomité og klagenemnd er 12 081 kr. Øvre ramme for årleg utbetalt godtgjersle til varamedlem i styret er 47 212 kr.

- 5) Årsmøtet foreslår følgjande honorar for medlemmene i representantskapet (auke på 3,1 %):

Funksjon	Honorarsats for 2019
Leiar i representantskapet	40 201
Nestleiar i representantskapet	26 725
Medlem i representantskapet	13 307
Varamedlem, per møte	4 027

Sak 11: Eventuelt

Neste møte i representantskapet blei avtalt til **fredag 30. oktober kl. 0830 – 1000 på Framtidslaben**. Dette blir då i forkant av Arena Sunnmøre, som i år har tema miljø.

Sak 12: Val av leiar og nestleiar i representantskapet

Behandling i møtet:

Eva Vinje Aurdal foreslo attval på Tore Johan Øvstebø som leiar og Eva Hove som nestleiar.

Vedtak mot ei røyst (Sve): Tore Johan Øvstebø blir vald som leiar og Eva Hove som nestleiar av representantskapet i ÅRIM.

Sak 13: Val av klageutval

Samrøystes vedtak i tråd med innstillinga frå valkomiteen:

Klageutvalet i ÅRIM har denne samansettinga for perioden 2020 – 2024:

Sylvei Vik , Ålesund

Kåre Sæter, Giske

Jan Isaksen, Ålesund

Kari Grindvik, Ålesund

Eli Mette Finnøy, Ålesund

Kristian Tomren, Vestnes

Magne Sunde, Sula

Møtet avslutta kl. 1130.

Ålesund, 19. august 2020

Tore Johan Øvstebø

Hans Kjetil Knudsen

Odd Jostein Drotninghaug



Fylkesmannen
i Møre og Romsdal

Utviklinga i kommuneøkonomien

Møre og Romsdal

2019



FORORD

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir årleg ut ein rapport som viser hovudtrekka i utviklinga av kommuneøkonomien i fylket.

Rapporten er aktuell for politikarar, leiarar og tilsette i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå, innbyggjarar i Møre og Romsdal og andre som har interesse for kommunane sin økonomi. Denne utgåva er skriven med tanke på nye kommunepolitikarar og inneheld derfor ein del grunnleggjande informasjon. Hovuddelen i rapporten er del 3, Kommunerekneskap og statistikk. Del 2 handlar om kommunen sitt oppdrag i storsamfunnet og ny kommunelov av 2018. Rekneskap og årsmelding 2019 skal følge gamal kommunelov. Denne rapporten vil likevel ta opp relevante endringar i ny kommunelov som kommunane vil møte framover.

Statistikk som blir presentert er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), der hovudvekta av tal er henta frå Kommune-Stat-Rapportering (KOSTRA). Medio juni kvart år publiserer SSB endelege rekneskapstal frå kommunane frå føregåande år. Om det ikkje er blitt opplyst om andre kjelder, så er alle figurar og tabellar basert på tal frå SSB. Rapporten inneheld også tal som er innhenta og samanstillt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Rekneskapstal som blir nytta er konserntal. Det vil seie rekneskapstal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. For å få ei meir inngående oversikt over økonomien i den einskilde kommune, viser vi til rekneskapen.

Denne rapporten er også tilgjengeleg på vår heimeside.

Molde 16. juli 2020

Innhald

Del 1 Innleiing	5
1 SAMANDRAG	5
2 INNLEIING	7
Del 2 Utfordringsbilde, kommunen sin rolle, ny kommunelov.....	9
3 UTFORDRINGSBILDE	10
4 DEMOGRAFI.....	12
5 KOMMUNAL ØKONOMIFORVALTNING	15
5.1 Økonomi i plansamanheng.....	15
5.2 Grunnleggande krav til økonomiforvaltninga	15
5.3 Kommunestyret sine plikter	16
5.4 Rekneskapen viser meirforbruk	17
5.5 Årsberetning/ Årsmelding	17
Del 3 kommunerekneskap - statistikkar.....	18
6 DEFINISJONAR	19
7 KOSTRA	21
8 DRIFTSREKNESKAP	22
8.1 Brutto driftsresultat.....	24
8.2 Netto driftsresultat.....	26
8.3 Mindre/meirforbruk i driftsrekneskapen	28
9 DISPOSISJONSFOND OG LIKVIDE MIDLAR	30
9.1 Disposisjonsfond.....	31
9.2 Likvide midlar	31
10 HAVBRUKSFONDET 2019.....	33
11 INVESTERINGAR OG GJELD	35
11.1 Gjeld	35
11.2 Avdrag.....	38
11.3 Renteeksponert gjeld	39
11.4 Gjeld i kommunane generelt.....	42
12 ROBEK.....	45
13 KJELDER	47
14 Figurar.....	48
15 Tabellar.....	48

DEL 1

Samandrag

Innleiing

1 SAMANDRAG

Kommunalt sjølvstyre

Det overordna prinsippet om kommunalt sjølvstyre er uttrykt i grunnlova og ny kommunelov. Det er kommunestyra, som gjennom si langsiktig planlegging og økonomiforvaltning, gjer kommunestyra prioriteringar på vegne av kommunen sine innbyggjarar. Ny kommunelov presiserer enda tydelegare kommunestyret sine plikter. Dei viktigaste endringane knytt til økonomi i kommunelova, er omtalt i denne rapportens del 2. Kommunane skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir tatt i vare over tid.

Kommunal planlegging

Etter regionreforma blei Møre og Romsdal ein av 10 regionar frå 01.01.2019 og kommunereforma resulterte i 26 kommunar frå 01.01.2020. [Berekraftfylket Møre og Romsdal](#) er eit samarbeid i offentleg sektor i vår region for å utvikle eit berekraftig samfunn for framtida. Fylkeskommunen og kommunane er nøkkelaktørar i realiseringa av FNs berekraftsmål gjennom eigen planlegging. Fylkesmannen ser dette som viktig for å få til meir langsiktig samfunnsplanlegging for å løyse felles utfordringar som klima, teknologi og arealforvaltning. Etter første halvår har 12 kommunar (av 26) vedtatt kommunal planstrategi og dei fleste av desse har starta arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

I planleggingsarbeidet er det viktig å ta omsyn til utviklinga i folketalet. Trenden i Møre og Romsdal er at folketalet utviklinga går ned samanlikna med resten av landet. Vi får ein aldrande befolkning og færre barn og unge. Også i vårt fylke er det særleg bykommunane med nabokommunar som har auke i folketalet.

Økonomiske resultat

Det økonomiske resultatet i 2019 viser at 26 av 35 kommunar har negativt netto driftsresultat. Det inneber at desse kommunane har hatt høgare utgifter enn inntekter i 2019. 16 av kommunane brukte av disposisjonsfond for å balansere rekneskapen, medan 10 kommunar la fram driftsrekneskap med meirforbruk. Samanlikna med heile landet var det 179 (43 %) av alle kommunane som hadde negativt driftsresultat i 2019. Samtidig viser statistikken at netto lånegjeld har auka med 4,1 % siste år og at 26 av 35 kommunar har lånegjeld over landsgjennomsnittet. To kommunar er registrert på ROBEK-lista.

Høg gjeldsgrad, negativt netto driftsresultat og bruk av disposisjonsfond, gjer at mange av kommunane i Møre og Romsdal må arbeide for å oppnå balanse i budsjett og rekneskap framover. Det er grunn til å tru at fleire kommunar kjem på ROBEK i tida som kjem, om ikkje grep blir tatt no.

Fylkesmannen sin vurdering

Fylkesmannen ser at kommunane i Møre og Romsdal står framfor ei krevjande tid. Etter fleire år med god inntektsvekst, gode driftsresultat og oppbygging av disposisjonsfond, ser vi at varsla innstrammingar i kommunal sektor har påverka rekneskapsresultata i 2019. Framtida er usikker av fleire grunner. Vi veit lite om kva eventuelt nye bølger med koronasmitta vil krevje av ressursar i den kommunale tenesteytinga. Samtidig står fleire kommunar føre krevjande strukturelle endringar i drifta på grunn av innstrammingar i statlege overføringar og demografiske endringar. Det blir derfor enda viktigare å utarbeide gode planer og ha eit langsiktig perspektiv i forvaltninga av kommunen sin økonomi. Samarbeid og deling av erfaringar, kan vere nyttig for å finne løysingar på kommunane sin oppgåver.

Utfordringane er relativt like i heile fylket og Fylkesmannen vil bidra til samarbeid med og mellom kommunane. Oppfølging, rettleiing og dialog er viktig og Fylkesmannen vil følge opp med tett kontakt med kommunane.

Pandemisituasjonen

Det ser ut til at Møre og Romsdal har komme gjennom dei første månadene med koronapandemi på en god måte. Kommunane har jobba godt og det er grunn til å vere nøgd så langt. Alle må vere budd på å ta nye rundar med smittetoppar inntil ei vaksine er utvikla og gjort tilgjengeleg.

2 INNLEIING


Frå 1.1.2020 har Møre og Romsdal 26 kommunar etter kommunereforma. Regjeringa seier at endringar i kommunestruktur ikkje er ferdig, og at kommunekartet vil endre seg også vidare framover.

I årets utgåve av utviklinga i kommuneøkonomien vil vi sjå på tal frå 2019 og vise til gamal kommuneinndeling med 35 kommunar, sjølv om følgjande kommunar allereie er godt inne i sitt første driftsår som ny kommune:

Hustadvika kommune:	tidlegare kommunane Fræna og Eide
Molde kommune:	tidlegare kommunane Molde, Midsund og Nesset
Ålesund kommune:	tidlegare kommunane Ålesund, Skodje, Ørskog, Haram og Sandøy
Fjord kommune:	tidlegare kommunane Norrdal og Stordal
Volda kommune:	tidlegare kommunane Volda og Hornindal (Sogn og Fjordane)

Halsa kommune har blitt ein del av Trøndelag fylke i nye Heim kommune frå 1.01.2020.

Rindal kommune blei ein del av Trøndelag fylke frå 1.01.2019.



Figur 1 - Møre og Romsdal 01.01.2020.

Kommunane sitt samfunnsoppdrag kan oppsummerast i fire punkt:

- Myndigheitsutøvar
- Samfunnsutviklar
- Lokaldemokratisk aktør
- Tenesteutøvar

I Fylkesmannen sitt [forventningsbrev 2020](#) til kommunane deler Fylkesmannen staten sine forventningar til kommunane i 2020. Det blir vist til nasjonale forventningar der alle offentlege aktørar må bidra til utviklinga av samfunnet. Første året i ny kommunestyreperiode skal alle kommunar vedta kommunal planstrategi. Det overordna samfunnsperspektivet er viktig og Fylkesmannen oppmodar alle kommunar til å utarbeide oppdatert kommuneplan som grunnlag for sitt politiske arbeid i valperioden.

Alle kommunane skal gi gode og berekraftige tenestetilbod til innbyggjarane. I eit samfunn i endring må kommunen tilpasse nivået på tenestene og finne nye løysingar. Dette må kommunane gjere for å utnytte tilgjengelege ressursar på ein effektiv måte. I tillegg til eit godt lokaldemokrati, krev dette ei berekraftig forvaltning av kommuneøkonomien.

DEL 2

Utfordringsbilde for kommunane

Kommunen sin rolle

Ny kommunelov

3 UTFORDRINGSBILDE

Omstillings- og endringsprosessane i samfunnet går både raskare og er meir omfattande enn tidlegare. Dette gir store utfordringar på ulike samfunnsområde - både internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt. Viktige utviklingstrekk og trendar vil ofte gjelde uavhengig av regionale eller lokale grenser.

Etter kommunevalet i fjor haust har dei fleste kommunestyra møtt på internasjonale og nasjonale planar gjennom sitt arbeid med kommunal planstrategi og oppdatering av kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommunane er ein viktig samfunnsutviklar i kraft av å vere lokal myndighetutøvar. Saman står vi i utfordringar som;

- Klima
- Teknologi – digitalisering
- Sentralisering/urbanisering
- Aldrande befolkning

Arbeid med FN sine berekraftsmål og analysar for framtida var godt i gang i mange kommunar, men det var før koronapandemien.

I mars vart det innført dei mest omfattande tiltaka i nyare tid for å slå ned smittespreiing av Covid-19 viruset. Alle vart ramma av tiltaka og kommunane som førsteline tenesteytar fekk merke store endringar over natta. Stortinget har vedteke fleire tiltak for å avhjelpe dei mest prekære behova til ulike aktørar i samfunnet, blant dei kommunane. Dei økonomiske konsekvensane av alle tiltaka, er det for tidleg å seie noko om. Det som er klart er at kommunane sine inntekter som skatteinngang, brukarbetalingar og avkastning på kapital vil bli annleis enn budsjettert for 2020.

[Kommuneproposisjonen](#) og [revidert nasjonalbudsjett](#) viser at situasjonen har gjort at alle er meir usikre på kva som vil komme av nye utfordringar, som ein følge av pandemien.

På grunn av den raske endringa i norsk og internasjonal økonomi sette Norges Bank ned styringsrenta til 0 % den 7. mai. I tillegg til økonomiske tiltakspakkar er arbeidsgjevaravgifta blitt sett ned med 4 % i termin 3 og kostnadsveksten (kommunal deflator) er sett ned frå 3,1 % til 1,4 % i 2020 jf. kommuneproposisjonen.

Tabell 1- Økonomiske tiltakspakkar retta mot kommunar i pandemisituasjonen.

Kommune	Ekstra Skjønnsmidlar (400 mill totalt)	3,75 mrd totalt til kommunane	1 mrd totalt til skole og SFO (700 barnehage og 300 SFO)	Til arbeid og aktivitet i kommunane 2,5 mrd totalt	Totalt
1505 Kristiansund	1 527 831	16 676 000	3 925 000	11 000 000	33 128 831
1506 Molde	1 955 523	22 639 000	5 832 000	14 300 000	44 726 523
1507 Ålesund	3 838 672	44 896 000	12 478 000	30 900 000	92 112 672
1511 Vanylven	371 175	2 582 000	421 000	1 400 000	4 774 175
1514 Sande	335 150	2 050 000	387 000	1 100 000	3 872 150
1515 Herøy	688 759	6 325 000	1 576 000	4 200 000	12 789 759
1516 Ulstein	670 691	6 029 000	1 663 000	4 100 000	12 462 691
1517 Hareid	484 194	3 877 000	1 060 000	2 400 000	7 821 194
1520 Ørsta	794 473	7 850 000	2 021 000	4 900 000	15 565 473
1525 Stranda	448 388	3 367 000	721 000	2 100 000	6 636 388
1528 Sykkylven	618 740	5 507 000	1 365 000	3 400 000	10 890 740
1531 Sula	711 275	6 976 000	2 087 000	4 300 000	14 074 275
1532 Giske	664 705	6 047 000	1 944 000	3 900 000	12 555 705
1535 Vestnes	558 716	4 747 000	1 050 000	3 000 000	9 355 716
1539 Rauma	610 118	5 749 000	1 350 000	3 400 000	11 109 118
1547 Aukra	392 703	2 761 000	672 000	1 600 000	5 425 703
1554 Averøy	517 858	4 212 000	989 000	2 500 000	8 218 858
1557 Gjemnes	344 376	2 166 000	491 000	1 100 000	4 101 376
1560 Tingvoll	366 123	2 542 000	507 000	1 300 000	4 715 123
1563 Sunndal	586 394	5 328 000	1 230 000	3 000 000	10 144 394
1566 Surnadal	525 107	4 364 000	1 004 000	2 500 000	8 393 107
1573 Smøla	318 071	1 820 000	319 000	900 000	3 357 071
1576 Aure	392 593	2 947 000	600 000	1 500 000	5 439 593
1577 Volda	775 143	7 501 000	1 909 000	4 600 000	14 785 143
1578 Fjord	339 983	2 205 000	396 000	1 100 000	4 040 983
1579 Hustadvika	929 239	9 737 000	2 572 000	5 800 000	19 038 239
M&R	19 766 000	190 900 000	48 569 000	120 300 000	379 535 000

Til arbeid og aktivitet i kommunane er øyremarka tilskott til vedlikehald og rehabilitering i kommunar. Vilkår for bruken av tilskottet finn ein i [Rundskriv H-3/20 av 25.06.2020](#) kapittel 4.

Om desse økonomiske tiltaka er nok til å avhjelpe kommunane sine meirkostnadar og andre utfordringar, er vanskelege å seie. Regjeringa har sett ned ulike utval for å sjå på konsekvensane av pandemien. Her kan vi nemne [Koronakommisjonen](#) og [Ekspertutvalet Norge mot 2025](#).

Regjeringa har signalisert at dei vil komme tilbake til nye tiltak i statsbudsjettet 2021.

Å seie noko meir om den økonomiske utviklinga for kommunar framover er vanskeleg. Vi står midt i gjenopninga av samfunnet og eventuelle nye smittetoppar kan endre situasjonen raskt.

4 DEMOGRAFI

Per 1.1.2020 var det 5 367 580 personar i Norge, ein auke på 39 368 frå året før.

Hovudalternativet til Statistisk sentralbyrå (SSB), når det gjeld framskriving av folketal, viser at innan 2040 er vi 6 056 244 personar busett i Norge. Møre og Romsdal har 265 238 innbyggjarar fordelt på 26 kommunar 1.1.2020.

SSB har samanstilt tale for nye kommunar, slik at tala i år 2000 og 2020 kan samanliknast.

Tabell 2- Folketalsutvikling 2000 – 2020

År -befolkning - ant. personar		2000	2020	%-vis endring 2000-2020	Endring personar 2000-2020
1505	Kristiansund	22 124	24 179	9,3	2 055
1506	Molde	28 977	31 967	10,3	2 990
1507	Ålesund	54 550	66 258	21,5	11 708
1511	Vanylven	3 584	3 117	-13,0	-467
1514	Sande	3 081	2 461	-20,1	-620
1515	Herøy	8 390	8 900	6,1	510
1516	Ulstein	6 541	8 571	31,0	2 030
1517	Hareid	4 748	5 175	9,0	427
1520	Ørsta	10 276	10 825	5,3	549
1525	Stranda	4 677	4 523	-3,3	-154
1528	Sykkylven	7 280	7 625	4,7	345
1531	Sula	7 070	9 310	31,7	2 240
1532	Giske	6 344	8 462	33,4	2 118
1535	Vestnes	6 530	6 532	0,0	2
1539	Rauma	7 415	7 468	0,7	53
1547	Aukra	2 978	3 509	17,8	531
1554	Averøy	5 409	5 788	7,0	379
1557	Gjemnes	2 683	2 629	-2,0	-54
1560	Tingvoll	3 148	3 025	-3,9	-123
1563	Sunndal	7 368	7 036	-4,5	-332
1566	Surnadal	6 252	5 920	-5,3	-332
1573	Smøla	2 432	2 150	-11,6	-282
1576	Aure	3 823	3 507	-8,3	-316
1577	Volda	9 549	10 473	9,7	924
1578	Fjord	3 012	2 549	-15,4	-463
1579	Hustadvika	12 198	13 279	8,9	1 081
Møre og Romsdal		243 158	265 238	9,1	22 080
Heile landet		4 478 497	5 367 580	19,9	889 083
M&R i % av landet		5,4	4,9		2,5

I 2040 er forventa folketal i Møre og Romsdal på 288 185 innbyggjarar (med hovudalternativ) som er ei auke på ca. 23 000 frå 2020 til 2040. Dette utgjer ein vekst i perioden 2020-2040 på 3,3 %, imot 2,5 % i perioden 2000-2020. I heile landet er veksten på 4,8 % i perioden 2020-2040. Dette viser at folketalveksten i Møre og Romsdal er forventa å bli lågare enn i Norge samla.


Innbyggartalet i fylka har utvikla seg forskjellig dei siste 40 åra. Møre og Romsdal er av dei med minst auke.

Tabell 3 – Folketalutviklinga i norske fylker jf. Kommuneproposisjonen 2021

	Innb. 1980	Innb. 2020	Ant. kom. 2020	Andel innb. 2020	Endring 1980-2020	Endring i pst
Norge	4 078 900	5 367 580	356	100 %	1 288 680	32 %
Viken	829 880	1 241 165	51	23 %	411 285	50 %
Oslo	454 872	693 494	1	13 %	238 622	52 %
Innlandet	355 134	371 385	46	7 %	16 251	5 %
Vestfold og Telemark	342 245	419 396	23	8 %	77 151	23 %
Agder	225 429	307 231	25	6 %	81 802	36 %
Rogaland	305 359	479 892	23	9 %	174 533	57 %
Vestland	491 577	636 531	43	12 %	144 954	29 %
Møre og Romsdal	232 429	265 238	26	5 %	32 809	14 %
Trøndelag	373 479	468 702	38	9 %	95 223	25 %
Nordland	241 881	241 235	41	4 %	-646	0 %
Troms og Finnmark	226 615	243 311	39	5 %	16 696	7 %

Av [fylkesstatistikken 2019](#) ser ein at framskrivinga av folketalet i Møre og Romsdal viser ein lågare folketalvekst enn for landet. Sidan 1980 har folketalet i Møre og Romsdal auka med 14 %. Den største auken har kome i og rundt byane. Elleve kommunar har hatt nedgang i folketalet sidan 1980. Byane Kristiansund, Molde og Ålesund har fleire enn 20 000 innbyggjarar. Ni kommunar har færre enn 5 000 innbyggjarar og i desse bor 10,4 % av innbyggjarane i fylket. (Sjå kartet på neste side.)

Talet på innbyggjarar og alderssamansetning er eit viktig utgangspunkt ved planlegging av kommunen sitt tenestenivå mellom anna innan oppvekst- og omsorgssektoren. Fylkesmannen ser at kommunal planlegging tar med demografiske utviklingstrekk som ein av fleire føresetnader for planlegginga, og det er bra.



Figur 2 - Kart over folketalet i Møre og Romsdal

5 KOMMUNAL ØKONOMIFORVALTNING

I september 2019 var det kommuneval og kommunestyra fekk ny samansetning med nye kommunepolitikarar og mange med erfaring frå tidelegare periodar i kommunestyret. I 2018 vedtok Stortinget ny kommunelov. Fleire av kapitla i lova vart iverksett ved konstituering av nytt kommunestyre hausten 2019, medan reglane om økonomi vart gjort gjeldande frå 1.1.2020. For årsrekneskap og årsmelding 2019 gjeld gammal kommunelov. Den nye kommunelova har endringar og presiseringar som kommunane må følge framover.

Kommunelova av 2018 framhevar tydelegare kommunalt sjølvstyre. Kommunane skal drive sin tenester innanfor sitt økonomiske handlingsrom og det er det lokale sjølvstyret som skal gjere prioriteringar for tenestene til eigne innbyggjarar. Stortinga har sett nokre grunnleggande krav til økonomiforvaltninga og kva plikter kommunestyret har.

5.1 ØKONOMI I PLANSAMANHENG

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023](#) legg rammer og føringar for planleggings- og utviklingsarbeid i kommunar og fylkeskommunar. FN sine 17 berekraftsmål er nedfelt som overordna mål for offentleg planlegging. Det er løfta fram tre berekraftsdimensjonar; økonomisk-, sosial- og miljømessig berekraft. I Møre og Romsdal kjem dette mellom anna til uttrykk i arbeidet med [Berekraftsfylket Møre og Romsdal](#) og er arbeidd inn i regional planstrategi og kommunale planstrategiar.

Plan- og bygningslova (§ 11-1 fjerde ledd) og kommunelova (§ 14-4 femte ledd) er no samordna slik at kommunen sin økonomiplan kan vere kommuneplanen sin handlingsdel, på visse vilkår. Dette gjer det enklare å sjå overordna kommunal planlegging i samanheng med langsiktig økonomisk styring.

5.2 GRUNNLEGGANDE KRAV TIL ØKONOMIFORVALTNINGA

Kommunelova § 14-1 første ledd klargjer kva kommunane skal gjere. Den seier: «*Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*»

Kommunestyret skal gjere prioriteringar på oppgåveløysing, trygge sine verdiar, investere og planlegge eigen aktivitet på kort og langt sikt, innanfor sin økonomiske kapasitet. Planar skal vere

realistiske for eigen økonomi og verksemd, og skal ta omsyn til lokalsamfunnet og regionen sin utvikling.

5.3 KOMMUNESTYRET SINE PLIKTER

Kommunelova § 14-2 listar opp pliktene kommunestyret har knytt til økonomiforvaltninga. I tillegg til økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding skal kommunestyret vedta økonomiske måltal jf. § 14-2 bokstav c. Kvar kommune avgjer sjølv kva måltal dei vil styre etter. Det kan vere nyttig å diskutere handlingsreglar for å «sikre økonomisk handleevne over tid».

I Fylkesmannen sitt forventningsbrev 2020 tilrår vi at kommunane minimum har følgjande måltal:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter. (Teknisk berekningsutval tilrår 1,75 %)
- Disposisjonsfond (tilråding om 5-10 % av brutto driftsinntekter)
- Eigenkapitalkrav ved investeringar
- Gjeldsgrad (fylkesmannen tilrår å ligge på landsgjennomsnittet)

Nytt er også at kommunestyret skal vedta økonomireglement.

Samla sett viser endringane i lova at kommunen skal ha endå sterkare planmessig styring av økonomien.

Krav til måltal blei gjort gjeldande frå 1.1.2020. Det fører til at budsjettvedtaket for 2021 skal innehalde kommunen sine måltal. Det var ikkje eit slikt krav for vedtak til budsjett for 2019 og difor ikkje noko krav om rapportering på måltal i rekneskapen for 2019. Det same gjeld for rekneskapen for 2020.

Kommunestyret skal sjølv ta i bruk dei finansielle måltala. Dei skal vere mål for kommunen si økonomiske utvikling og gi høve til lokale handlingsreglar for budsjettet. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal også vise utviklinga i kommunal gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Standardiserte oppstillingar av økonomi og bevillingar i årsbudsjettet, vil også gjelde for økonomiplanen.

Fleire av kommunane skreiv i budsjettdokumentet 2020 at dei ville gjennomføre ein intern politisk prosess med fastsetting av finansielle måltal i løpet av 2020. Fylkesmannen trur slike prosessar aukar eigarskapen og forståinga av plikta kommunestyret har i forvaltninga av kommunen sin økonomi over tid.

I del 3 i denne rapporten legg Fylkesmannen fram statistikkar som kan vere relevante som måltal. Nokre av statestikkane er direkte relaterte til dei tilrådde måltala frå Fylkesmannen. Kommunane skal vedta økonomiske måltal i budsjettvedtak for 2021. Rekneskapen for 2021 skal rapporterer på desse.

5.4 REKNEKAPEN VISER MEIRFORBRUK

Den nye kommunelova har ei viktig endring for kommunar som legg fram årsrekneskap med meirforbruk. Dette vil formelt gjelde for rekneskapsavslutning 2020.

Viser årsrekneskapen meirforbruk skal kommunedirektøren seinast innan 30. juni fremme forslag til endring i årsbudsjettet i inneverande år (§14-5 fjerde ledd). Kommunestyret skal ved handsaminga av rekneskapen ta stilling til korleis meirforbruket skal dekkast inn (kommunelova § 14-3 andre ledd). Inndekkinga kan skje på følgande måte:

- Endre årsbudsjettet i inneverande år (§ 14-11 første ledd, første setning)
- Dekke meirforbruket i neste årsbudsjett (§ 14-11 første ledd, andre setning)
- Unntaksvis kan inndekkinga skje over fleire år etter § 14-11 andre ledd. Ein slik situasjon vil føre kommunen inn på ROBEK.

Det er nok at kommunestyret i samband med årsrekneskapshandsaminga vedtek beløpet, tidsramme og korleis arbeidet med inndekkinga kan gjerast.

5.5 ÅRSBERETNING/ ÅRSMELDING

Kommunelova § 14-7 stille krav til innhaldet i årsmeldinga. Det skal utarbeidast ei årsmelding samla for heile kommunen si verksemd i tillegg til eigne årsmeldingar for eventuelle kommunale føretak. Fylkesmannen vil framheve kravet om å vurdere utviklinga og stillinga i økonomisk handleevne over tid. Kommunestyret skal legge langsiktige økonomiske planer til grunn for planlegging og rapportering.

DEL 3

Kommunerekneskap – statistikkar

6 DEFINISJONAR

I kommunerekneskapan er det ein del sentrale ord som blir brukt. Under finn du forklaring på desse.

- **Brutto driftsinntekter** (BDI) er dei totale driftsinntektene til kommunane. Inntekter frå rammetilskot, skatt på inntekt og formue, havbruksfondet, brukarbetalingar, eigedomsskatt, andre sals- og leigeinntekter, overføringar med krav om motyting og andre overføringar er inkludert i brutto driftsinntekter. Renteinntekter, utbytte og gevinst frå finansielle instrument er ikkje inkludert.
- **Brutto driftsresultat** (BDR) er brutto driftsinntekter (BDI) trekt frå driftsutgifter utanom renter og avdrag. Dette resultatet skal dekke netto rente- og avdragsutgifter samt eventuelle pliktige avsetningar.
- **Renteinntekter, utbytte og eigaruttak** er saman med kursgevinstar på finansielle instrument det vi kallar eksterne finansinntekter.
- **Motpost avskrivningar.** Avskrivningar inngår i brutto driftsresultat, men blir trekt frå gjennom motpost avskrivningar. Det er avdrag som har verknad på rekneskapan og netto driftsresultat.
- **Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter** er saman med kurstap på finansielle instrument og avdragsutgifter det vi kallar eksterne finansutgifter.
- **Netto driftsresultat** (NDR) er driftsinntekter med frådrag av driftsutgifter, renter og avdrag. Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av inntektene som går med til å betale renter og avdrag. NDR viser kor mykje kommunen sitt att med til avsettingar til framtidig bruk, slik som gjennom disposisjonsfond og eigenkapitalkrav til investeringar. (Sjå figuren på neste side)

Ein kommune kan og ha eit betre NDR enn BDR dersom ein har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. NDR er den viktigaste enkeltstående indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommunen.

Tabell 4 - Skjematisk oppstilling utrekning av netto driftsresultat.

Brutto driftsinntekter	●	→	Rammetilskott Skatteinntekter Brukarbetaling Egedomsskatt Andre sals- og leigeinntekter Andre overføringer
- Brutto driftsutgifter	●	→	
- Avskrivningar		→	
= Brutto driftsresultat			Alle driftsutgifter utan renter og avdrag
+ Eksterne finansinntekter			
- Eksterne finansutgifter			
- Avdrag på lån			
+ Motpost avskrivningar			
= Netto driftsresultat			

- **Disposisjonsfond** kan vere bundne og frie. Dei bundne disposisjonsfonda må nyttast i til føremålet dei er knytt til. Disposisjonsfond er midlar som kommunen kan disponere fritt til både drifts- og investeringsføremål. Når netto driftsresultat viser mindreforbruk kan kommunen byggje opp reserver i disposisjonsfondet.
- **Eigenkapitalkrav.** Kommunen vedtek ein handlingsregel om at investeringar skal finansierast med ein del av tidlegare oppsparte/tilgjengelege midlar (disposisjonsfond).
- **Netto lånegjeld** er gjelda til kommunane som er renteeksponert, inneheld rentekompensasjon og sjølvkost.
- **Renteeksponert gjeld** er gjeld frå bank, statlege låneinstitusjonar, kredittføretak, livsforsikringsselskap, og frå obligasjon og sertifikatmarknaden.
- **Sertifikatlån** er eit kortsiktig lån med løpetid inntil 12 månader. Lånet er avgrensa til sertifikatets lengde, og er omsetteleg. Ved utløp må lånet fornyast eller refinansierast. Varigheit på 3, 6, 9 eller 12 månader.

7 KOSTRA

Statistikken i denne rapporten er i hovudsak henta frå SSB (Statistisk sentralbyrå), der tala er henta frå kommunane sin eigen rapportering. Kommune Stat-Rapportering (KOSTRA) er sentral. Kommunen si plikt til å rapportere til staten etter ny kommunelov er heimla i kapittel 16 med tilhøyrande forskrifter.

Gjennomgang av inntektssystemet

I kommuneproposisjonen, som vart lagt fram i mai, står det at det skal settast ned eit utval for å gå gjennom inntektssystemet til kommunane. I dag blir mellom anna KOSTRA-opplysningane brukt som kriteriedata i utrekning av rammetilskotet til kommunane. I arbeidet med inntektssystemet er statistikk viktig som vurderingsgrunnlag og det er god grunn til å tru at dette vil halde fram. Dersom ein kommune ikkje har god kvalitet på innmeldte tal, kan det få følger for rammeoverføringane.

Kommunen sine plikter

Det er kommunen sjølv som har ansvar for rapportering og kvalitet på tala som blir rapportert inn. Vi får tilbakemelding frå Kommunaldepartementet om at kommunane i vårt fylke har dårleg kvalitet på innmeldte KOSTRA-tal. Fylkesmannen oppmodar derfor kommunane sterkt om å kvalitetssikre registrering av rett KOSTRA-art og funksjon i eigen rekneskapsføring.

Bruk av KOSTRA internt i kommunen

KOSTRA-tala er eit godt grunnlag for kommunane si økonomistyring, gjennom samanlikning med andre kommunar og det å sjå eigen utvikling over tid. Derfor er det viktig å ha fokus på rett bruk av KOSTRA-artar og funksjonar internt i kommunen si økonomiske oppfølging og rapportering til politisk nivå. Fylkesmannen tilrår at kommunar har eit ekstra fokus på å oppfylle krava i [KOSTRA-forskrifta vedlegg 2](#), for å sikre betre kvalitet i talmaterialet. [Rettleiar til rekneskapsrapportering i KOSTRA](#) er til god hjelp i vurderinga av korleis kostnadar skal førast i driftsrekneskapan heilt ned på avdelingsnivå i kommunane. Linken finn du her:


https://www.regjeringen.no/contentassets/bbb36cc4ebcc460b83aedfb68ca95c6d/hovedveileder_2019_endelig_til_publicering.pdf

8 DRIFTSREKNESKAP

I driftsrekneskapen skal kommunane vise kva dei bruker kommunen sine inntekter på.

Her minner vi om at rekneskapstal er konserntal.

På landsbasis fordeler driftsutgiftene seg slik som vist i figuren under:



Figur 3 - Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i % av totale brutto driftsutgifter 2019

Helse og omsorgstenestene krev mykje av kommunane sine ressursar. Det same gjer oppvekst med grunnskoleopplæring og barnehage. Desse tenestene utgjer mellom ca. 60 % og 65 % av kommunane sine driftsutgifter på landsbasis.

Skjematisk kan driftsrekneskapen (og driftsbudsjettet) settast opp som vist nedanfor:

Brutto driftsinntekter	
- Brutto driftsutgifter	
- Avskrivningar	
= Brutto driftsresultat	
+ Eksterne finansinntekter (renteinntekter, avkastningar)	
- Eksterne finansutgifter (renteutgifter, tap på avkastningar)	
- Avdrag på lån	
+ Motpost avskrivningar	
= Netto driftsresultat	

Disponering av netto driftsresultat:

+ Bruk av fond	
- Avsetning til fond	
- Overføringar til investeringar	
- Dekking av meirforbruk tidlegare år	
= Årets meirforbruk eller mindreforbruk (botnlinja)	

8.1 BRUTTO DRIFTSRESULTAT

Brutto driftsresultat (BDR) er kommunen sine driftsinntekter (skatteinntekter, statstilskot, og gebyr) minus kommunen sine driftsutgifter (lønninger, varer og tenester), inkludert avskrivning.

Tabell 5 - Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 2019 i Møre og Romsdal


		Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt			
		2016	2017	2018	2019
1502	Molde	5,3	3,8	1,1	-1,2
1504	Ålesund	3,1	5,0	0,3	-2,9
1505	Kristiansund	4,3	0,9	-1,4	0,1
1511	Vanylven	4,3	4,4	3,9	-6,1
1514	Sande	0,5	-0,1	-2,1	-2,8
1515	Herøy	4,6	-0,4	-1,3	-0,3
1516	Ulstein	4,6	2,9	2,8	2,5
1517	Hareid	4,9	0,2	-0,3	0,6
1519	Volda	2,4	4,4	0,0	-8,8
1520	Ørsta	1,5	0,2	-0,1	-1,2
1523	Ørskog	0,7	2,8	-0,4	-6,0
1524	Norrdal	1,0	7,1	-3,4	-8,2
1525	Stranda	9,9	7,4	4,8	4,8
1526	Stordal	-4,2	-3,6	-1,2	-3,6
1528	Sykkylven	5,0	1,0	0,0	-0,3
1529	Skodje	4,1	3,7	3,1	-2,2
1531	Sula	3,2	0,9	-1,4	-0,2
1532	Giske	3,6	3,8	2,8	0,6
1534	Haram	1,1	-0,4	0,8	-5,9
1535	Vestnes	-0,4	-0,2	0,6	-1,3
1539	Rauma	2,8	2,4	0,4	-3,3
1543	Nesset	1,3	1,1	0,6	-0,9
1545	Midsund	3,0	-2,3	2,9	-1,8
1546	Sandøy	-1,3	-1,6	-3,0	-9,6
1547	Aukra	24,6	20,0	23,2	23,7
1548	Fræna	5,1	7,0	0,5	-3,2
1551	Eide	-1,1	-3,9	-5,2	-2,7
1554	Averøy	4,0	2,9	4,7	0,8
1557	Gjemnes	5,4	2,3	3,9	-0,3
1560	Tingvoll	2,8	6,3	5,6	-1,6
1563	Sunndal	3,0	0,9	-1,6	-5,2
1566	Surnadal	0,1	1,4	-2,2	-4,1
1571	Halsa	7,0	2,6	2,9	-7,1
1573	Smøla	2,4	-0,7	11,5	-0,9
1576	Aure	7,8	4,6	4,2	4,2
EKA15	Møre og Romsdal	4,0	3,1	1,2	-1,3
EAKUO	Landet utan Oslo	3,7	3,0	1,7	0,3

Brutto driftsresultat skal dekke netto rente- og avdragsutgifter, samt eventuelle pliktige avsetningar.

Tabell 5 viser at brutto driftsresultat i Møre og Romsdal er på -1,3 % av brutto driftsresultat. Landsgjennomsnittet utan Oslo er 0,3 %.

BDR har gått ned kvart år dei siste fire åra for heile landet. I Møre og Romsdal er det berre 8 av 35 kommunar som har positivt BDR i 2019. 27 kommunar har negativt BDR i 2019, 13 kommunar i 2018, 9 i 2017 og 4 i 2016.

Trenden er tydeleg og viser at kommunane i Møre og Romsdal har utfordringar og må arbeide planmessig med økonomistyring og tenestenivå for å finne eit berekraftig nivå.



Figur 4 - Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 2019 i Møre og Romsdal

8.2 NETTO DRIFTSRESULTAT

Netto driftsresultat (NDR) er summen av alle inntekter og trekt frå alle utgifter. Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren.


Tabell 6 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 2019 i Møre og Romsdal

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter		2016	2017	2018	2019
1502	Molde	4,6	3,7	1,2	-1,3
1504	Ålesund	2,1	5,1	0,9	-2,3
1505	Kristiansund	3,4	1,0	-0,9	0,9
1511	Vanylven	5,1	5,0	4,7	-5,1
1514	Sande	1,6	2,6	-1,1	-0,3
1515	Herøy	6,3	1,6	0,1	1,7
1516	Ulstein	2,1	0,7	0,7	0,6
1517	Hareid	4,4	0,3	-0,3	0,0
1519	Volda	2,7	4,6	0,7	-7,7
1520	Ørsta	2,5	1,1	0,3	-0,2
1523	Ørskog	0,3	2,2	-1,9	-6,6
1524	Norddal	0,7	8,9	-2,3	-5,8
1525	Stranda	6,8	5,3	2,9	2,2
1526	Stordal	-3,3	-1,8	-1,5	-2,6
1528	Sykkylven	5,9	1,8	0,3	-0,3
1529	Skodje	3,5	3,8	3,0	-2,2
1531	Sula	3,3	1,3	-1,3	0,6
1532	Giske	1,0	2,3	-0,5	-1,0
1534	Haram	0,3	2,0	-0,4	-1,6
1535	Vestnes	0,5	0,9	1,4	-0,5
1539	Rauma	3,4	2,4	0,9	-1,5
1543	Neset	1,7	1,3	1,5	0,6
1545	Midsund	2,0	-3,1	2,5	-2,5
1546	Sandøy	1,5	2,6	-1,6	-5,1
1547	Aukra	26,8	21,4	22,8	27,2
1548	Fræna	4,9	7,4	0,5	-2,4
1551	Eide	-1,4	-3,3	-6,1	-2,7
1554	Averøy	1,6	1,1	3,2	-0,7
1557	Gjemnes	5,9	2,8	4,3	0,0
1560	Tingvoll	0,4	4,3	4,3	-2,7
1563	Sunndal	3,0	2,1	-0,4	-3,8
1566	Surnadal	0,5	1,7	-2,3	-2,6
1571	Halsa	6,8	3,2	3,5	-7,9
1573	Smøla	3,0	-1,3	11,5	-1,1
1576	Aure	2,7	-0,3	4,0	-1,3
EKA15	Møre og Romsdal	3,5	3,3	1,2	-0,8
EAKUO	Landet utan Oslo	4,1	3,7	2,2	1,5

Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at netto driftsresultat for kommunesektoren bør utgjere 1,75 % over tid for at formuebevaringsprinsippet skal bli ivaretatt. Prinsippet inneber at ein kommune si samla formue, realkapital og finansielle fordringar, med frådrag av gjeld, ikkje skal reduserast over tid.

I alt 43 % av kommunane i Norge hadde negativt netto driftsresultat i 2019. Samla for fylket er netto driftsresultat negativt med -0,8 % av brutto driftsinntekter. I 2019 har 26 av 35 kommunar i Møre og Romsdal negativt netto driftsresultat mot 13 kommunar i 2018, 5 i 2017 og 2 i 2016. Dette viser at dei fleste kommunane har eit kostnadsnivå som er høgare enn dei kan halde fram med på sikt. At berre to kommunar når TBU si tilråding om NDR på 1,75 % av BDI, viser ein særdeles krevjande situasjon. Om vi trekker ut Aukra vil NDR i % av BDI i fylket vere -1,5 %.


Dei frie midlane i netto driftsresultat kan nyttast til driftskostnader, finansiering av investeringar eller settast av på fond til seinare bruk. Om kommunen har eit negativt netto driftsresultat, må det dekkast inn ved bruk av avsette midlar og/eller stryke budsjetterte avsetningar.



Figur 5 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 2019 i Møre og Romsdal

8.3 MINDRE/MEIRFORBRUK I DRIFTSREKNESKAPEN

Av 26 kommunar med negativt netto driftsresultat har 10 kommunar lagt fram rekneskapen med meirforbruk. Dei 16 kommunane som ikkje har meirforbruk har brukt av tidlegare avsette midlar for å komme i balanse.



Figur 6 - Kartet viser kommunar i Møre og Romsdal med meirforbruk i rekneskapen for 2019.

Tabell 7 - Mindre/meirforbruk i prosent av brutto driftsinntekt.

		Årets mindre/meirforbruk i driftsrekneskapen i prosent av brutto driftsinntekter			
		2016	2017	2018	2019
1502	Molde	2,7	1,1	0,6	0,2
1504	Ålesund	0,3	1,5	0,7	-1,0
1505	Kristiansund	0,0	0,0	0,0	0,0
1511	Vanylven	6,4	5,2	1,8	-0,2
1514	Sande	-0,4	1,9	0,1	-0,8
1515	Herøy	3,3	1,7	1,7	1,2
1516	Ulstein	0,5	0,2	0,1	0,0
1517	Hareid	2,6	0,3	-0,8	0,5
1519	Volda	2,6	4,5	0,5	0,5
1520	Ørsta	2,0	1,7	1,6	1,8
1523	Ørskog	1,2	2,2	0,1	-2,7
1524	Norddal	0,6	-0,7	-1,5	0,2
1525	Stranda	3,0	3,9	3,8	3,7
1526	Stordal	0,1	2,1	1,0	0,4
1528	Sykkylven	3,8	2,0	2,4	1,7
1529	Skodje	2,6	2,7	2,8	0,0
1531	Sula	3,5	3,8	2,3	2,7
1532	Giske	0,2	0,6	0,1	-0,6
1534	Haram	1,6	3,2	0,9	3,4
1535	Vestnes	0,7	0,7	0,6	0,0
1539	Rauma	2,0	1,0	0,3	-0,9
1543	Nesset	1,8	1,4	2,6	2,9
1545	Midsund	0,9	-1,9	0,9	-1,5
1546	Sandøy	3,5	2,6	0,6	3,3
1547	Aukra	2,7	0,5	0,3	0,3
1548	Fræna	2,4	2,7	0,3	0,3
1551	Eide	1,2	-0,3	-3,1	-0,2
1554	Averøy	2,0	1,3	1,1	1,7
1557	Gjemnes	3,9	3,6	2,8	1,2
1560	Tingvoll	1,4	2,5	4,4	-0,6
1563	Sunndal	3,8	4,4	3,2	0,2
1566	Surnadal	0,2	1,2	0,1	-1,3
1571	Halsa	7,1	5,8	9,7	0,9
1573	Smøla	2,9	1,4	0,5	0,0
1576	Aure	1,0	0,0	0,7	0,0
EKA15	Møre og Romsdal	1,8	1,7	1,0	0,3
EAKUO	Landet utan Oslo	2,1	1,8	1,2	1,1

9 DISPOSISJONSFOND OG LIKVIDE MIDLAR

Tabell 8 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt

		Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt			
		2016	2017	2018	2019
1502	Molde	2,5	5,2	7,0	5,9
1504	Ålesund	0,8	0,8	0,9	0,8
1505	Kristiansund	0,0	0,2	0,1	0,7
1511	Vanylven	3,7	9,2	16,0	11,5
1514	Sande	0,0	0,0	0,1	0,0
1515	Herøy	2,6	6,1	5,8	7,2
1516	Ulstein	5,4	5,6	6,1	6,3
1517	Hareid	1,0	3,4	3,3	2,9
1519	Volda	7,9	10,3	12,8	6,2
1520	Ørsta	7,2	7,9	8,3	8,0
1523	Ørskog	1,0	1,3	2,9	0,2
1524	Norrdal	0,4	0,0	0,0	0,3
1525	Stranda	1,5	1,3	0,3	8,3
1526	Stordal	8,1	6,2	5,6	3,7
1528	Sykkylven	1,0	3,9	3,6	2,8
1529	Skodje	9,2	10,6	10,1	10,7
1531	Sula	12,8	12,3	11,8	11,2
1532	Giske	0,5	0,5	0,4	0,4
1534	Haram	1,7	2,0	4,3	0,8
1535	Vestnes	0,3	0,8	3,3	3,1
1539	Rauma	0,7	1,2	3,3	3,1
1543	Neset	2,7	2,3	5,3	5,8
1545	Midsund	4,4	1,7	4,8	5,5
1546	Sandøy	21,1	23,7	24,5	15,9
1547	Aukra	67,4	72,7	88,4	107,1
1548	Fræna	5,3	7,9	9,1	8,3
1551	Eide	9,0	4,8	5,7	3,6
1554	Averøy	3,3	3,9	5,6	3,9
1557	Gjemnes	5,9	8,4	12,5	13,0
1560	Tingvoll	4,0	5,9	8,2	12,2
1563	Sunndal	13,8	15,3	17,9	17,3
1566	Surnadal	8,6	8,2	6,1	4,4
1571	Halsa	11,1	13,7	10,8	8,2
1573	Smøla	5,7	6,0	18,7	19,6
1576	Aure	15,1	14,1	12,2	10,7
EKA15	Møre og Romsdal	5,5	6,5	7,9	7,8
EAKUO	Landet utan Oslo	8,3	10,0	11,1	11,0

Oppbygging av fond er viktig for at kommunane skal kunne ha eit berekraftig økonomisk handlingsrom over tid. Disposisjonsfondet kan nyttast til både drifts- og investeringsføremål. Det kan brukast som ein buffer mot uføresette hendingar og skal brukast om kommunerekneskapen viser meirforbruk. I 2019 har bruk av disposisjonsfond vore naudsynt for mange kommunar i vårt fylke.

9.1 DISPOSISJONSFOND

Når disposisjonsfond blir brukt som eit av fleire måltal, tilrår Fylkesmannen at disposisjonsfondet over tid er på minst 5-10 % av brutto driftsinntekt.

Utviklinga i disposisjonsfondet i kommunane i fylket i 2019 ligg innafør tilrådd nivå, men går litt ned samanlikna med 2018 (sjå tabell 8). Utan Aukra ligg disposisjonsfondet samla på 5,1 % av brutto driftsinntekt. I alt 15 kommunar har disposisjonsfond mindre enn 5 % og 7 kommunar har disposisjonsfond under 2 %.

Det er tydeleg å sjå at fleire kommunar har balansert ein vanskeleg økonomisk situasjon med tidlegare oppsparte midlar og det er ikkje berekraftig over tid.

9.2 LIKVIDE MIDLAR

Arbeidskapital utan premieavvik er eit utrykk for likviditet. Med likviditet meinast kommunen si evne til å betale sine krav etter kvart som dei forfell. Arbeidskapital er omløpsmidlar trekt frå kortsiktig gjeld. Arbeidskapital kan også brukast som eit av fleire måltal for kommunen.

Arbeidskapitalen omfattar bankinnskott, verdipapir (aksjar, sertifikat og liknande) og kortsiktige fordringar.

Låg arbeidskapital kan tyde på at kommunen manglar likvide midlar til å betale for forpliktingane sine. Det er 3 kommunar i Møre og Romsdal som har negativ arbeidskapital.

Kommunane får utbetalt rammetilskot frå staten i ti terminar. I tillegg får kommunane gebyrinntekter frå brukarar av kommunale teneste regelmessig. Kommunar med dårleg likviditet må planlegge godt sin aktivitet. Kommunar kan utjamne likviditetsproblem med kassakreditt.

Tabell 9 - Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt.

Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekt		2016	2017	2018	2019
1502	Molde	26,6	24,1	18,4	7,9
1504	Ålesund	15,0	19,0	17,9	17,0
1505	Kristiansund	11,6	0,6	-1,9	-0,5
1511	Vanylven	17,2	15,6	19,3	9,7
1514	Sande	22,1	27,1	22,1	22,2
1515	Herøy	19,2	18,5	24,5	16,9
1516	Ulstein	32,6	16,2	12,5	13,0
1517	Hareid	5,2	7,4	4,0	5,5
1519	Volda	20,2	12,9	28,4	34,3
1520	Ørsta	16,0	13,3	4,1	12,4
1523	Ørskog	42,1	37,6	30,5	7,1
1524	Norddal	14,2	21,4	18,2	5,4
1525	Stranda	17,8	27,1	21,8	-77,6
1526	Stordal	57,6	43,6	33,9	15,7
1528	Sykkylven	-2,5	4,4	0,7	-0,3
1529	Skodje	30,9	33,6	32,8	29,4
1531	Sula	37,0	35,3	29,4	30,4
1532	Giske	29,2	31,5	29,3	24,1
1534	Haram	108,3	102,9	107,6	84,2
1535	Vestnes	-3,0	-2,2	-6,7	10,3
1539	Rauma	20,0	10,3	10,6	10,0
1543	Neset	16,4	13,5	14,1	25,3
1545	Midsund	24,9	8,6	11,2	8,9
1546	Sandøy	87,7	79,9	67,3	61,2
1547	Aukra	78,8	77,3	91,4	110,4
1548	Fræna	25,7	29,0	25,6	23,0
1551	Eide	23,2	20,2	13,8	9,0
1554	Averøy	10,4	10,1	9,7	7,8
1557	Gjemnes	17,8	20,4	20,9	25,6
1560	Tingvoll	10,0	12,9	13,7	9,1
1563	Sunndal	19,3	20,1	23,5	17,0
1566	Surnadal	8,0	9,8	9,7	4,1
1571	Halsa	23,3	25,4	29,6	20,9
1573	Smøla	44,3	22,4	31,1	19,2
1576	Aure	31,0	31,9	26,6	17,6
EKA15	Møre og Romsdal	23,5	21,8	21,0	17,0
EAKUO	Landet utan Oslo	20,9	21,8	21,7	20,6

10 HAVBRUKSFONDET 2019

Stortinget vedtok i 2015 å opprette eit havbruksfond der ein del av veksten i oppdrettsnæringa skulle gå til kommunen der næringa høyrer heime.

Tabell 10 - Havbruksfond 2019


Utbetalinger frå Havbruksfondet 2019		
1502	Molde	130 003
1505	Kristiansund	5 996 691
1511	Vanylven	606 681
1514	Sande	118 303
1515	Herøy	228 372
1516	Ulstein	130 003
1519	Volda	693 350
1520	Ørsta	666 683
1524	Nordal	173 337
1525	Stranda	563 347
1526	Stordal	4 047 304
1529	Skodje	86 669
1532	Giske	307 674
1534	Haram	775 685
1535	Vestnes	3 218 215
1539	Rauma	346 675
1543	Neset	184 171
1545	Midsund	780 019
1546	Sandøy	2 871 540
1547	Aukra	532 235
1548	Fræna	303 341
1551	Eide	86 669
1554	Averøy	794 464
1557	Gjemnes	390 009
1560	Tingvoll	455 011
1566	Surnadal	43 334
1571	Halsa	1 300 031
1573	Smøla	8 841 203
1576	Aura	3 651 559
Sum Møre og Romsdal		38 322 578

Frå 2016 skulle 80 prosent av inntektene frå framtidig vekst i oppdrettsnæringa fordelast gjennom havbruksfondet til kommunal sektor. Havbruksfondet kan rekneskapsførast direkte i driftsrekneskapen. Dette har medført at kommunane har hatt meir frie midlar tilgjengeleg til drift

og investeringar. Tabellen viser at kommunar i Møre og Romsdal har fått 38,3 millionar kroner frå havbruksfondet i 2019, medan det i 2018 blei utbetalt 206 millionar til kommunar Møre og Romsdal.

I revidert nasjonalbudsjett foreslår Regjeringa å gjere endringar i produksjonsavgifta og auksjonsinntektene som er inntekter i Havbruksfondet. Vidare blir det foreslått endringar i fordelinga mellom stat, fylkeskommune og kommune.

Figuren under er henta frå revidert nasjonalbudsjett 2020 og viser forslag til framtidig fordeling av inntekter frå havbrukstildelingar og produksjonsavgift.



Figur 7 - Inntekter frå havbrukstildelingar og produksjonsavgift til havbrukskommunar og fylkeskommunar.

Endringsforslaget kan du lese her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-2-20192020/id2702126/?q=havbruksfond&ch=4#kap4-3-4>

11 INVESTERINGAR OG GJELD


Kommunestyret skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. Kva som er god langsiktig forvaltning er ei vurdering som kommunestyret sjølv tar. Ny kommunelov har gjort det tydelegare at kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltninga eller gjeldsforvaltninga.

Kommunane har ansvar for ei rekke tenester (generalistprinsippet) som krev omfattande investeringar. Utviklinga i lånegjelda er tett bunden til investeringsaktiviteten i kommunane. Kommunane kan låne til investeringar, men ikkje til drift. Kommunane kan finansiere investeringar med egne midlar.

Kommunen skal vedta finansielle måltal. Gjeldsgrad (netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt) og eigenfinansieringskrav kan vere finansielle måltal for kommunen sin økonomiske forvaltning, slik at den økonomiske handleevna blir tatt i vare over tid.

11.1 GJELD

Langsiktig gjeld kjem fram av kommunen sitt balanserekneskap og omfattar lån til investeringar, pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar. I netto lånegjeld er pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar tatt ut. Netto lånegjeld blir bruk som mål på kommunen sin gjeld knytt til tenesteytinga. I netto lånegjeld er lån til sjølvkosttenester tatt med, slik som vatn, avløp og renovasjon.




Figur 8 - Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt 2019

Kapitalkostnadane på sjølvkostområdet blir betalt gjennom kommunale avgifter. Figuren 8 viser netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt.

Fylkesmannen tilrår at gjeldsgraden bør ligge på landsgjennomsnittet. Gjeldsgraden for landet har auka med 8,8 % frå 2015 til 2019. I Møre og Romsdal er auken 10,4 % i same periode. Skilnaden mellom landsgjennomsnittet og Møre og Romsdal er 17,4 % i 2019. Dette viser at gjeldsgraden i vårt fylke er høgt over Fylkesmannen si tilråding.

Under blir det vist kor mykje gjeld kommunane i Møre og Romsdal har i prosent av brutto driftsinntekt i 2019. Berre 9 kommunar ligg under Fylkesmannen sitt tilrådde nivå. Det kan vere gode grunnar for å ligge høgare enn landsgjennomsnittet. Det kan vere på grunnlag av langsiktig økonomisk planlegging for å sikre gjennomføring av særskilte tiltak eller for å oppnå samordning av tenester for å møte utfordringar i framtida.



Figur 9 - Figuren viser netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt

Høgt gjeldsnivå påverkar betalinga av renter og avdrag. Da dette er ein driftskostnad, fører det til at tilgjengelege midlar til kommunal tenesteyting blir lågare. Planlagt utvikling i eit tenestemråde krev vurderingar av både drifts- og investeringsbehov.

Noko av grunnen til høgt gjeldsnivå kan vere at rentenivået i Norge har vore på eit lågt nivå lenge.

Tabell 11 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt

		Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt			
		2016	2017	2018	2019
1502	Molde	133,6	129,1	136,0	140,5
1504	Ålesund	102,5	96,5	92,9	93,4
1505	Kristiansund	93,2	100,8	114,0	122,4
1511	Vanylven	66,6	65,1	64,5	68,0
1514	Sande	86,5	86,0	93,7	94,3
1515	Herøy	105,6	110,1	105,7	109,2
1516	Ulstein	194,0	199,8	189,7	185,9
1517	Hareid	80,6	79,9	85,8	109,1
1519	Volda	99,7	110,4	116,1	125,7
1520	Ørsta	82,7	95,2	109,6	111,6
1523	Ørskog	96,5	133,7	149,7	157,2
1524	Norrdal	136,8	117,4	118,4	110,8
1525	Stranda	159,6	174,2	142,5	155,2
1526	Stordal	109,0	113,7	116,3	117,4
1528	Sykkylven	84,3	91,7	92,3	93,3
1529	Skodje	88,7	86,6	96,7	87,9
1531	Sula	110,4	117,3	123,8	119,3
1532	Giske	155,4	147,4	145,0	142,3
1534	Haram	126,1	127,4	109,3	112,7
1535	Vestnes	55,3	58,5	66,5	88,6
1539	Rauma	86,4	114,8	97,5	96,3
1543	Nesset	95,2	100,8	101,4	114,4
1545	Midsund	78,6	82,9	81,9	106,8
1546	Sandøy	99,2	143,1	195,0	165,9
1547	Aukra	64,6	76,4	66,4	59,9
1548	Fræna	76,7	74,3	83,4	95,6
1551	Eide	97,1	101,1	105,7	92,6
1554	Averøy	113,0	107,7	99,4	95,4
1557	Gjemnes	65,2	65,2	65,5	72,3
1560	Tingvoll	100,4	95,9	90,3	95,6
1563	Sunndal	58,1	60,0	64,8	66,9
1566	Surnadal	64,3	61,4	64,8	65,4
1571	Halsa	78,0	73,2	69,4	81,8
1573	Smøla	82,3	103,1	88,4	97,6
1576	Aure	63,7	62,8	62,0	67,7
EKA15	Møre og Romsdal	100,5	103,1	104,4	108,5
EAKUO	Landet utan Oslo	83,1	84,5	87,5	91,1

11.2 AVDRAG

Lån skal nedbetalast årleg med minimum det kommunelova krev i avdrag. Tabellen viser kor mykje som blir brukt til å betale i avdrag kvart år i prosent av brutto driftsinntekter.

Tabell 12 - Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter

		Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter			
		2016	2017	2018	2019
1502	Molde	4,5	4,3	4,3	4,4
1504	Ålesund	3,6	3,4	3,2	3,3
1505	Kristiansund	3,4	3,2	3,4	3,7
1511	Vanylven	2,8	2,8	2,9	3,4
1514	Sande	2,8	3,0	3,3	3,4
1515	Herøy	2,8	3,3	3,4	3,1
1516	Ulstein	5,4	5,5	6,3	6,4
1517	Hareid	3,2	2,9	3,0	3,2
1519	Volda	2,6	2,9	3,2	3,5
1520	Ørsta	2,8	3,0	3,5	3,1
1523	Ørskog	4,5	4,5	5,0	6,0
1524	Norddal	5,9	5,1	5,7	5,5
1525	Stranda	6,4	5,9	6,3	6,6
1526	Stordal	4,1	4,4	4,7	4,4
1528	Sykkylven	2,5	2,6	3,0	2,9
1529	Skodje	4,0	3,4	3,4	3,5
1531	Sula	3,6	3,8	3,9	4,0
1532	Giske	5,0	5,0	5,0	5,1
1534	Haram	4,3	4,0	4,1	4,0
1535	Vestnes	2,2	2,6	3,0	3,0
1539	Rauma	2,8	3,0	3,1	3,7
1543	Nesset	3,6	4,0	3,8	4,0
1545	Midsund	3,3	3,1	3,1	3,4
1546	Sandøy	3,8	3,7	5,0	5,5
1547	Aukra	4,5	5,1	5,9	5,7
1548	Fræna	2,8	2,8	2,7	2,9
1551	Eide	3,1	2,8	3,2	3,2
1554	Averøy	4,4	4,4	4,4	4,1
1557	Gjemnes	3,0	3,1	3,2	3,7
1560	Tingvoll	5,2	4,9	4,5	4,7
1563	Sunndal	2,9	2,2	2,9	3,0
1566	Surnadal	3,3	3,3	3,4	2,8
1571	Halsa	4,3	3,8	3,6	4,3
1573	Smøla	3,8	4,9	4,3	5,2
1576	Aure	4,3	4,2	4,1	4,6
EKA15	Møre og Romsdal	3,7	3,6	3,8	3,9
EAKUO	Landet utan Oslo	3,4	3,5	3,6	3,7

Ny kommunelov har endra utrekninga av minimumsavdrag på kommunen si låneportefølje jf. § 14-18.

Minimumsavdrag

Minimumsavdrag skal reknast ut på grunnlag av langsiktig gjeld justert for formidlingslån og for store investeringar i kyrkjebygg.

Ny kommunelov fører til at minimumsavdrag er knytt meir direkte til kapitalslit og blir fastsett på bakgrunn av storleiken på avskrivningane. Dersom kommunen sjølv finansierer delar av investeringane, vil avdraga bli mindre enn avskrivningane.

Avdrag på lån. Berekningsformel:

$$\text{Minimumsavdrag} = \text{Sum avskrivningar} * (\text{rest lånegjeld} / \text{sum bokført verdi varige driftsmidler})$$


For ein del kommunar vil dette gi kortare avdragstid og høgare avdragsutgifter. Dette fører til at desse kommunane får auka minimumsavdrag som dei må ta høgde for i budsjetta sine.

Avskrivningar

Avskrivningar fordeler kostnaden ved eit innkjøp av varig driftsmiddel over den økonomiske levetida på driftsmidla. Historisk pris skal avskrivast lineært, som inneber at det same beløpet blir ført i driftsrekneskapen kvart år. Avskrivningar er ikkje ein kostnad som påverkar netto driftsresultat. I kommunerekneskapen blir avskrivningane korrigert med ein like stor motpost. Avdrag skal dekkast som driftsutgift og verkar inn på resultatet i kommunerekneskapen.

11.3 RENTEKSPONERT GJELD

Den delen av kommunen si gjeld som blir direkte påverka av endringar i renta, blir omtalt som renteksponert gjeld. Styringsrenta til Norges Bank er interessant fordi den verkar inn på kva vilkår långjevar tilbyr kommunane.



Figur 10 - Utvikling i styringsrenta 1991-2019, nominell, års gjennomsnitt. www.norges-bank.no

Styringsrenta var i en periode i 2016 – 2018 på sitt lågaste på 0,5 %. I september 2018 kom den første av flere renteauke. I september 2019 sette Norges Bank renta opp til 1,5 %, som var det høyeste nivået dei siste fem åra. På det tidspunktet vurderte Norges Bank utsiktene og risikobilde slik at veksten i norsk økonomi og kapasitetsutnytting var noko over eit normalt nivå, som tilsa høgare rente. 13. mars 2020 kom første teikn på ei dramatisk endring med det første rentekuttet på 0,5 % til 1,0 %. I ekstraordinært møte sju dagar seinare blei renta ytterlegare sett ned til 0,25 %, før den blei sett til 0 % 6. mai. Utviklinga understrekar den krevjande økonomiske stillinga som Norge og verden står i etter pandemiutbrotet.

SSB la fram konjunkturtrendensar 5. juni der dei ventar at styringsrenta vil vere rekordlåg lenge, og at dei trur på ein forsiktig renteoppgang frå 2022. Ved utgangen av 2023 forventar dei at renta er på 0,75 %.

27 av kommunane i Møre og Romsdal har meir i renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter enn snittet for landet, utanom Oslo.

Tabell 13 - Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsresultat


Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsresultat		2016	2017	2018	2019
1502	Molde	104,3	108,0	115,6	117,9
1504	Ålesund	74,5	69,3	64,4	65,6
1505	Kristiansund	61,0	67,2	77,4	86,1
1511	Vanylven	48,7	48,1	47,3	49,3
1514	Sande	56,0	56,4	63,8	65,1
1515	Herøy	82,3	86,3	82,6	102,3
1516	Ulstein	162,7	169,5	159,3	155,5
1517	Hareid	53,1	54,1	79,2	82,7
1519	Volda	82,0	92,7	97,7	106,5
1520	Ørsta	58,2	71,9	87,0	89,9
1523	Ørskog	80,7	118,0	.	.
1524	Norddal	122,9	105,7	107,0	100,5
1525	Stranda	123,1	135,1	.	95,2
1526	Stordal	92,6	97,7	101,5	103,0
1528	Sykkylven	71,9	71,4	75,1	75,2
1529	Skodje	71,2	79,8	90,6	.
1531	Sula	76,2	81,0	83,3	79,3
1532	Giske	122,1	112,9	109,5	106,5
1534	Haram	97,5	100,6	83,5	87,3
1535	Vestnes	41,7	46,3	53,9	82,8
1539	Rauma	69,5	98,1	80,2	77,8
1543	Nesset	74,2	78,8	78,7	88,1
1545	Midsund	61,0	66,5	.	91,2
1546	Sandøy	71,2	110,3	156,6	126,5
1547	Aukra	44,9	57,2	48,3	41,6
1548	Fræna	43,9	43,3	52,9	63,6
1551	Eide	81,2	84,9	89,5	86,8
1554	Averøy	92,1	85,7	76,5	73,6
1557	Gjemnes	49,1	49,5	49,8	56,8
1560	Tingvoll	76,6	73,9	68,3	73,1
1563	Sunndal	46,4	47,4	50,9	53,2
1566	Surnadal	50,2	48,3	52,0	42,6
1571	Halsa	66,7	62,9	60,3	72,2
1573	Smøla	52,5	73,7	63,7	70,9
1576	Aure	43,1	42,1	41,5	46,3
EKA15	Møre og Romsdal	75,7	79,2	81,1	84,1
EAKUO	Landet utan Oslo	58,3	60,2	62,2	65,9

11.4 GJELD I KOMMUNANE GENERELT

Kommunane er store låneaktørar. Dei hentar nær halvparten av si eksterne finansiering frå bankar og kredittføretak, resten hentar dei i det internasjonale obligasjons- og sertifikatmarknaden. Obligasjonslån er typiske låneavtalar utover 12 månadar, sertifikatlån er låneavtalar inntil 12 månadar.


Kommunane har ei svært god kredittrating og oppnår gode vilkår i den internasjonale marknaden. Signala frå private bankar er at den gode ratinga ikkje lenger er ei sjølvfølge. Dette skuldast meir press på kapitalen både nasjonalt og internasjonalt, samt at den høge gjeldsgraden over tid kombinert med låge likvide midlar aukar prisen på risiko for bankane. Korleis dette vil utvikle seg framover, er vanskeleg å seie noko om. Kommunane bør vere så realistiske dei kan i høve til budsjett og planlegging av nye og store investeringar. Her bør ein bruke planverktøyet og stressteste budsjetta.

Figur 10, kredittkjelde, viser kor kommunane hentar finansieringa si, samt utviklinga frå 2001 til 2019. Ein ser eit skifte der obligasjonsgjeld og verdipapirlån har overtatt for sertifikatlån i 2017. Dette kom etter endringar i finansforskrifta i 2017. Dei siste åra har obligasjonsgjeld og sertifikat blitt lite brukt.




Figur 11 - Kredittkjelde i landet 2019

Langsiktig gjeld eksklusiv pensjonsforpliktingar utgjorde 106, 2 % av totale driftsinntekter for kommunane i Norge ved utgangen av 2019. Dette var ein auke i forhold til 2018. I berre to fylker var gjeldsgraden under 100 % (Møre og Romsdal 108,5 %). Figur 11 viser langsiktig gjeld og renteeksponering i % av brutto driftsinntekt.



Figur 12 - Kommunane i landet sin langsiktige gjeld og renteeksponering 2003-2019 i % av driftsinntektene.

Figur 12 viser dekomponering av langsiktig gjeld eksklusiv pensjonsforpliktingar i Norge.



Figur 13 - Dekomponering av gjeld i 2019


Den langsiktige gjelda omfattar følgande komponentar:

- Renteeksponert gjeld er gjeld frå kredittinstitusjonar, obligasjonar og sertifikat.
- Netto lånegjeld er hovudindikatoren for å beskrive kommunen sin gjeldssituasjon, og er også brukt til å samanlikne lånegjelda mellom kommunane. Netto lånegjeld er gjeld som er renteeksponert og inneheld rentekompensasjon og sjølvkost.
- Langsiktig gjeld er ein samlepost som omfattar ulike typar gjeld ein kommune har. Langsiktig gjeld er utlån og ubrukne lånemidlar. Utlån skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierande. Unytta lånemidlar blir ikkje definert som lånemidlar før dei er brukt, sjølv om dei inngår i avdrags- og renteutgifter i årsbudsjetta.
- Sjølvkostanlegg er definert som langsiktig gjeld, og er også ein del av nøkkeltalet netto lånegjeld, men ikkje med under avdrags- og rentegjeld.
- Rentegjeld er netto lånegjeld når ein justerer for rentekompensasjonsordningane. Kommunen må sjølv dekke rentene.

For 2019 var samla gjeld for kommunesektoren i Norge 578 milliardar, men kommunesektoren må berre dekke renter av 327 milliardar.


12 ROBEK

Det offisielle namnet på ROBEK er «*Register om betinget godkjenning og kontroll*». Dette er ei offentlig liste over kommunar og fylkeskommunar som er eller har kome i økonomisk ubalanse.



Figur 14 - Oppføringer Robek 2001 -2020, i Møre og Romsdal og landet (tal per 1.1.2020).

Figuren viser at talet på ROBEK-kommunar er historisk låg. Samanlikna med landet har Møre og Romsdal 20 % av ROBEK-kommunane i 2019, 27 % i 2019 og nær 30 % i 2017.



Figur 155 - Kart over kommunar på Robek Møre og Romsdal 2019.

Fylkesmannen har merka seg at fleire kommunar har budsjettert med bruk av disposisjonsfond i økonomiplanperioden 2020 – 2023 for å balansere driftsbudsjetta. Saman med negativt netto driftsresultat, rekneskapsmessig meirforbruk i mange kommunar og koronasituasjonen, er det utfordringar i kommuneøkonomien i fylket.

Kommunelova av 2018

Kommunelova, kapittel 28, har reglar for kva som skal til for å hamne på ROBEK-lista.

Kommunar skal registrerast på ROBEK om eitt av følgande forhold ligg føre.

Innmelding i ROBEK	Utmelding av ROBEK
Driftsbudsjett er vedtatt med meirforbruk - § 28-1 bokstav a	Driftsbudsjettet året etter er vedtatt utan meirforbruk - § 28-5 første ledd
Driftsdelen av økonomiplanen er vedtatt med meirforbruk - § 28-1 bokstav b	Året etter er vedtatt driftsdel i økonomiplana utan meirforbruk - § 28-5 andre ledd
Inndekking av meirforbruk i driftsbudsjett, økonomiplan eller driftsrekneskap over fleire enn 2 år etter at det oppstod - § 28-1 bokstav c	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd
Samla meirforbruk i driftsrekneskapen på meir enn 3 % av driftsinntektene - § 28-1 bokstav d	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd
Økonomiplan eller årsbudsjett ikkje er vedtatt innan fristen - § 28-1 bokstav e	Økonomiplan eller årsbudsjett året etter er vedtatt innan fristen - § 28-5 fjerde ledd
Årsrekneskapen ikkje er vedtatt innan fristen - § 28-1 bokstav f	Årsrekneskapen året etter er vedtatt innan fristen - § 28-5 fjerde ledd
Vedtak etter inndelingslova § 16 a (gjeld for kommunar som slår seg saman) - § 28-1 bokstav g	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd

Utmelding skal skje når vilkåret for innmelding ikkje lenger er gjeldande.

For kommunar som er på ROBEK-lista gjeld følgande:

- Kontroll av om vedtatt årsbudsjett er lovleg - § 28-3 første ledd.
- Vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtaler skal godkjennast av Fylkesmannen - § 28-3 andre ledd.
- Kommunen skal lage ein tiltaksplan for å sikre at økonomien kjem i balanse - § 28-4.

13 KJELDER

Kommunal- og moderniseringsdepartementet:

- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-105-s-20192020/id2701826/>
(Kommuneproposisjonen 2021)
- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-2-20192020/id2702126/?ch=1>
(Revidert nasjonalbudsjett 2020)
- <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneekonomi/kostra/reglverk-om-rapportering-i-kostra/id551597/> (KOSTRA)
- <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneekonomi/robek-2/id449305/>
- https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ekspertutvalget-norge-mot-2025-skal-vurdere-grunnlaget-for-verdiskaping-produksjon-sysselsetting-og-velferd-etter-pandemien/id2702022/?utm_source=www.regjeringen.no&utm_medium=epost&utm_campaign=nyhetsvarsel%2012.05.2020&utm_content=Koronasituasjonen%20og%20%C3%98konomi%20og%20budsjett
- <https://www.koronakommisjonen.no/>

Norges bank:

- <https://www.norges-bank.no/tema/pengepolitikk/Styringsrenten/>
- <https://www.norges-bank.no/tema/pengepolitikk/Rentemoter/>

Statistisk sentralbyrå (SSB):

- <https://www.ssb.no/statbank>
- <https://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/artikler-og-publikasjoner/dyp-ekonomisk-krise-men-noen-lyspunkter-i-sikte>

Fiskeridirektoratet:

- <https://fiskeridir.no/Akvakultur/Nyheter/2019/1019/Utbetaling-fra-Havbruksfondet>

Møre og Romsdal fylkeskommune:

- <http://fylkesstatistikk.mrfylke.no/2019/demografi/tett-og-spreiddbygd-busetnad>

14 Figurar

Figur 1 - Møre og Romsdal 01.01.2020.....	7
Figur 2 - Kart over folketallet i Møre og Romsdal	14
Figur 3 - Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i % av totale brutto driftsutgifter 2019	22
Figur 4 - Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 2019 i Møre og Romsdal.....	25
Figur 5 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 2019 i Møre og Romsdal.....	27
Figur 6 - Kartet viser kommunar i Møre og Romsdal med meirforbruk i rekneskapen for 2019.....	28
Figur 7 - Inntekter frå havbrukstildelingar og produksjonsavgift til havbrukskommunar og -fylkeskommunar.....	34
Figur 8 - Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt 2019	35
Figur 9 - Figuren viser netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt	36
Figur 10 - Utvikling i styringsrenta 1991-2019, nominell, års gjennomsnitt. www.norges-bank.no	40
Figur 11 - Kredittkjelde i landet 2019.....	42
Figur 12 - Kommunane i landet sin langsiktige gjeld og renteeksponering 2003-2019 i % av driftsinntektene.....	43
Figur 13 - Dekomponering av gjeld i 2019.....	43
Figur 14 - Oppføringar Robek 2001 -2020, i Møre og Romsdal og landet (tal per 1.1.2020).....	45
Figur 15 - Kart over kommunar på Robek Møre og Romsdal 2019.....	45

15 Tabellar

Tabell 1- Økonomiske tiltakspakkar retta mot kommunar i pandemisituasjonen.....	11
Tabell 2- Folketalsutvikling 2000 – 2020.....	12
Tabell 3 – Folketalsutviklinga i norske fylker jf. Kommuneproposisjonen 2021	13
Tabell 4 - Skjematisk oppstilling utrekning av netto driftsresultat.	20
Tabell 5 - Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 2019 i Møre og Romsdal	24
Tabell 6 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 2019 i Møre og Romsdal	26
Tabell 7 - Mindre/meirforbruk i prosent av brutto driftsinntekt.	29
Tabell 8 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt.....	30
Tabell 9 - Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt.....	32
Tabell 10 - Havbruksfond 2019.....	33
Tabell 11 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt	37
Tabell 12 - Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter	38
Tabell 13 - Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsresultat	41



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Forum for Kontroll og Tilsyn
Postboks 41 Sentrum
0101 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

20/2919-3

4. august 2020

Svar på spørsmål om tolkningen av kommuneloven § 23-5

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til brev 20. mai 2020 vedrørende tolkningen av kommuneloven § 23-5 andre setning. I brevet spør dere om bestemmelsen innebærer at kommunedirektøren kun skal gis anledning til å uttale seg i saker som gjelder gjennomførte kontroller, eller om han eller hun også skal gis anledning til å uttale seg i saker som gjelder

- valg av revisjonsordning og revisor,
- valg av sekretariat for kontrollutvalget,
- budsjettforslag for kontroll og tilsyn, og/eller
- årsmeldinger for kontrollutvalget.

Dere spør også om hvem som skal innhente uttalelsene fra kommunedirektøren etter bestemmelsen.

Departementet vil i det følgende besvare spørsmålene deres.

Hvilke saker kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg i

Generelle kommentarer

Det framgår av kommuneloven § 23-5 at

Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling

Saksbehandler
Signe Bechmann
22 24 72 64

En naturlig språklig forståelse av ordlyden i § 23-5 andre setning er at kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler enhver sak som skal oversendes til kommunestyret. Isolert sett synes bestemmelsen dermed å legge opp til at kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg i alle saker der kontrollutvalget skal oversende saken til kommunestyret, uavhengig av hva saken dreier seg om.

Dersom man ser bestemmelsen i sammenheng med første setning, kan man forstå den som at kommunedirektørens uttalelsesrett er begrenset til saker der kontrollutvalget skal rapportere om "resultatene av sitt arbeid". Formuleringen "sitt arbeid" er ikke begrenset til gjennomførte kontroller. En slik forståelse av ordlyden utelukker derfor heller ikke at kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg i forbindelse med andre typer rapporteringer til kommunestyret.

Forarbeidene til bestemmelsen er ikke helt tydelige på hvilke typer saker som skal forelegges kommunedirektøren. Det framgår av merknaden til bestemmelsen i Prop. 46 L (2017–2018) side 405 at kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg i saker som gjelder "gjennomførte kontroller". At forarbeidene bruker formuleringen "gjennomførte kontroller" kan indikere at det kun er i forbindelse med rapporteringer om gjennomførte forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller at plikten til å forelegge saken for kommunedirektøren inntreffer.

Departementet mener likevel at man ikke bør legge for mye vekt på at forarbeidene bruker formuleringen "gjennomførte kontroller". Etter ordlyden til bestemmelsen skal kommunedirektøren gis uttalelsesrett i saker som "skal" oversendes til kommunestyret. Saker som "skal" oversendes til kommunestyret vil naturligvis omfatte alle saker som etter § 23-5 første setning eller forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal oversendes. Etter forskriften har kontrollutvalget ikke bare plikt til å rapportere til kommunestyret om gjennomførte kontroller, men også om enkelte andre forhold. For eksempel følger det av forskriften § 3 at kontrollutvalget skal rapportere til kommunestyret dersom regnskapsrevisorens påpekninger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 ikke blir rettet eller fulgt opp.

Departementet kan ikke se at ordlyden og forarbeidene samlet sett gir tilstrekkelige holdepunkter for å fastslå at kommunedirektøren kun skal gis anledning til å uttale seg i saker som gjelder gjennomførte kontroller. Dersom det var lovgivers intensjon å begrense kommunedirektørens uttalelsesrett på denne måten, er det nærliggende at dette ville kommet klarere fram av både ordlyden og forarbeidene til bestemmelsen.

Departementet vil også vise til at bestemmelsen i § 23-5 andre setning er en ren videreføring av kommuneloven av 1992 § 77 nr. 6 andre setning, se merknaden til bestemmelsen i Prop. 46 L (2017–2018) side 405. Forarbeidene og tolkningsuttalelsene til § 77 nr. 6 er dermed også relevante for forståelsen av § 23-5. I en tolkningsuttalelse fra 2010 (10/9262-ERA) la departementet til grunn at plikten til å forelegge saker for kommunedirektøren etter § 77 nr. 6 andre setning i hvert fall omfattet de sakene som kontrollutvalget skulle rapportere til

kommunestyret etter den tidligere kontrollutvalgsforskriften. Denne forskriften er nå erstattet av forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Departementet legger derfor til grunn at § 23-5 andre setning innebærer at kommunedirektøren iallfall skal gis anledning til å uttale seg i saker som etter § 23-5 første setning eller forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal oversendes til kommunestyret. Det vil si at kommunedirektøren iallfall skal gis anledning til å uttale seg i saker som gjelder "resultatene" av kontrollutvalgets "arbeid", og i saker som etter forskriften §§ 3, 4 eller 5 skal oversendes.

Videre kan det også tenkes tilfeller der det ikke følger av lov eller forskrift at en sak skal oversendes til kommunestyret, men der saken likevel skal oversendes. Dette kan for eksempel være aktuelt der kommunestyret eksplisitt har bedt kontrollutvalget om at saken skal oversendes, eller der kontrollutvalget selv har bestemt at saken skal oversendes. Når det gjelder denne typen saker, legger departementet til grunn at spørsmålet om kommunedirektøren skal gis uttalelsesrett, vil avhenge av innholdet i saken. Departementet viser til at § 23-5 andre setning må ses i sammenheng med det alminnelige prinsippet om at en sak skal være så godt opplyst som mulig før et vedtak treffes. Man må derfor blant annet se hen til om en uttalelse fra kommunedirektøren kan bidra til å opplyse saken før kontrollutvalget skal behandle den.

Valg av revisjonsordning og revisor, og valg av sekretariat for kontrollutvalget

Det følger av § 24-1 tredje ledd at kommunestyrets vedtak om valg av revisjonsordning og revisor skal treffes etter innstilling fra kontrollutvalget. Videre følger det av § 23-7 sjette ledd at kommunestyrets vedtak om sekretariat for kontrollutvalget skal treffes etter innstilling fra kontrollutvalget. Bestemmelsene sier ikke noe om hvorvidt kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler denne typen saker.

Som nevnt følger det av § 23-5 andre setning, jf. første setning, at kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saker som gjelder "resultatene" av kontrollutvalgets "arbeid". Når kontrollutvalget avgir innstilling til kommunestyret om valg av revisjonsordning og revisor, eller om valg av sekretariat for kontrollutvalget, vil dette ikke være en rapportering om resultatene av kontrollutvalgets arbeid. Dette tilsier at kommunedirektøren ikke skal gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler denne typen saker.

Departementet vil vise til at både revisor og sekretariatet for kontrollutvalget skal være uavhengig av kommunens administrasjon. Dette skyldes at revisor har en viktig oppgave i å føre kontroll med administrasjonen. Videre har sekretariatet for kontrollutvalget en viktig oppgave i å forberede saker for kontrollutvalget, og i å påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt. At revisor og sekretariatet for kontrollutvalget skal være uavhengige av administrasjonen tilsier at kommunedirektøren ikke bør gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget skal behandle saker som gjelder valg av revisor og sekretariat. De

hensynene som begrunner at kommunedirektøren skal gis uttalelsesrett, vil etter departementets vurdering ikke gjøre seg gjeldende i denne typen saker.

Departementet er etter dette av den oppfatning at § 23-5 ikke innebærer at kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saker som gjelder valg av revisor og revisjonsordning, og valg av sekretariat for kontrollutvalget.

Budsjettforslag for kontrollarbeidet

Det følger av forskriften § 2 at kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

Når kontrollutvalget oversender forslag til budsjett for kontrollutvalget i kommunen, vil dette ikke være en rapportering om resultatene av kontrollutvalgets arbeid, jf. § 23-5 første setning. Dette tilsier at kommunedirektøren ikke skal gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler denne typen saker.

Kommunedirektøren har ansvar for det samlede budsjettet i kommunen. Det kan derfor argumenteres for at en uttalelse fra kommunedirektøren kan bidra til å opplyse saken før kontrollutvalget skal behandle den. På den andre siden vil departementet vise til at budsjettet for kontrollarbeidet har direkte betydning for omfanget av kontrollen med kommunens administrasjon. Departementet mener derfor at gode grunner tilsier at kommunedirektøren ikke bør gis anledning til å uttale seg i denne typen saker.

Departementet er etter dette av den oppfatning at § 23-5 ikke innebærer at kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saker som gjelder budsjettforslag for kontrollarbeidet.

Årsmeldinger for kontrollutvalget

Spørsmålet om kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg om årsmeldinger som skal oversendes til kommunestyret, vil etter departementets vurdering avhenge av årsmeldingens innhold. Dersom årsmeldingen inneholder opplysninger om resultater av kontrollutvalgets arbeid, legger departementet til grunn at kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg i saken, jf. § 23-5 første setning. Departementet viser til drøftelsene over og våre tidligere vurderinger i sak 10/9262-ERA.

Hvem som skal innhente uttalelsene fra kommunedirektøren

Når det gjelder spørsmålet om hvem som skal innhente uttalelsene fra kommunedirektøren etter § 23-5 andre setning, vil departementet vise til at bestemmelsen bare fastslår at kommunedirektøren skal "gis anledning" til å uttale seg. Bestemmelsen sier ikke noe om hvem som skal innhente uttalelsene fra kommunedirektøren. Departementet legger derfor til grunn at det er opp til kontrollutvalget i den enkelte kommune å avgjøre hvordan dette skal gjøres. En praktisk løsning kan være at sekretariatet for kontrollutvalget forelegger saken for kommunedirektøren som en del av sin saksforberedelse, jf. forskriften § 7.

Med hilsen

Ragnhild Spigseth (e.f.)
kst. avdelingsdirektør

Signe Bechmann
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer



Arkivsak-dok. 20/03329-1
Saksbehandler Paul Magne Eidhammer

Utval
Formannskapet
Kommunestyret

Møtedato

Utvalsak

Tilstandsrapport for grunnskolen 2019

Administrasjonssjefen si innstilling:

1.
Tilstandsrapporten for grunnskolen i Vestnes kommune 2019 vert teken til vitande.
2.
Skulane arbeidar vidare med utfordringar som kjem fram av rapporten.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

I opplæringslova § 13-10 Ansvarsomfang står det:

*Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest. Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. **Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane.***

Vurdering

Tilstandsrapporten skal gi kommunestyret viktig informasjon om situasjonen i grunnskolen.

Resultata på ei rekkje målbare område blir presenterte. Informasjonen er henta frå skuleporten til Utdanningsdirektoratet, GSI og SSB/Kostra. Det blir i rapporten gjort greie for resultata på elevundersøkinga, nasjonale prøver og eksamen/standpunktkarakterar for avgangselevane.

Kommunestyret som skuleeigar har ansvaret for å leggje til rette for eit godt opplæringsmiljø som igjen skal gjere det mogleg å oppnå gode læringsresultat. Det er derfor viktig at kommunestyret får presentert resultat, utfordringar og målsetjingar for det vidare arbeidet i sektoren.

Skulane vil framleis ha eit sterkt fokus på digitalisering, noko som blir eit viktig utviklingsområde framover. PC-ar og læringsbrett er ikkje lenger berre teknisk utstyr til skriving og til å søkje etter informasjon. I dag skjer meir og meir av læringa ved hjelp av digitale ressursar, i form av «appar» og programvare. Dette er ei utvikling som skulane i Vestnes må følgje med på.

Arbeid med fagfornyng vil òg vere viktig framover. I fagfornyng er det eit sterkt fokus på digitalisering. Programmering/koding kjem no inn i opplæring. Dette krev at vi legg gode planar for dette arbeidet og ikkje minst sørgjer for å ha riktig utstyr og lærarar med kompetanse på desse områda.

Skuleeigar vil i rapporten få presentert fleire område som sektoren må arbeide meir med og som vil vere viktig for utviklinga vidare.

Det blir i tilstandsrapporten for 2019 berre presentert tal samla for kommunen. Koronapandemien har vore utfordrande for skulane. Lærarar og skuleleiinga på den einskilde skule har lagt ned ein stor innsats for å gi elevane ei god opplæring i denne perioden. Kommuneleiing fant det derfor riktig å ikkje krevje ei rapportering frå skulane denne våren.

Vedlegg

Tilstandsrapport-for-grunnskolen-2019

Særutskrift:

Søndag 17. mai, 2020

Tilstandsrapport for grunnskolen 2019

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Kryss av for kven som har vore involverte i prosessen med å utarbeide tilstandsrapporten.

Medverknad i utarbeidinga av rapporten	Ja	Nei
Elevar og foreldre (f.eks. dialogmøte)		
Organisasjonane		
Skolar		
Administrasjonen i kommunen/fylkeskommunen		
Politikarar i kommunen/ fylkeskommunen		

Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolene.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjerast vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstillе informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultatata i dialogen med skoleeigaren.

Det generelle systemkravet

Skoleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skoleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål.

Innhald

1. Samandrag	4
2. Hovudområder og indikatorar	6
2.1. Elevar og undervisningspersonale	6
2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk.....	6
2.1.2. Lærartettleik.....	7
2.2. Læringsmiljø	9
2.2.1. Elevundersøkinga	9
2.2.2. Mobbing på skolen (prosent)	11
2.3. Resultat.....	13
2.3.1. Nasjonale prøver 5. steget	13
2.3.2. Nasjonale prøver ungdomssteg	17
2.3.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk.....	26
2.3.4. Grunnskolepoeng.....	28
2.4. Gjennomføring.....	30
2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO	31
3. System for oppfølging (internkontroll).....	32
4. Konklusjon.....	33

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9.

1. Samandrag

Lærartettleik

Det er ikkje store skilnader på lærartettleiken i Vestnes samanlikna med fylket og nasjonen elles. Då timar til spesialundervisning er med i dette berekningsgrunnlaget, vil nok mange elevar oppleve større grupper enn det som kjem fram i statistikken.

Læringsmiljø

Elevane på 7. årssteg skårar godt og i tråd med nasjonen elles på dei ulike områda i elevundersøkinga. På fleire av temaa er resultatet betre enn den nasjonale resultatet. Elevane gir høg skåre på temaet «støtte frå lærarane», noko som er ei god tilbakemelding til lærarane i Vestnes. Det er gledeleg å registrere at det er få elevar som melder frå om at dei blir mobba.

Elevane på 10. årssteg skårar i tråd med nasjonen på dei fleste områda i elevundersøkinga. På temaet elevdemokrati og medverknad skårar elevane i Vestnes lågare enn tilfellet er for elevane elles i Noreg. Det er få elevar som meldar frå om at dei blir mobba.

Resultat på nasjonale prøver – karakterar i basisfag – grunnskulepoeng

Nasjonale prøver 5. årssteg:

Lesing: I lesing skårar 65,2 % av elevane på 5. årssteg på meistringsnivå 2 og 3. Det er litt over den lokale målsetjinga på 65 % og under snittet nasjonalt, der 76,8 % av elevane på 5. årssteg skåra på meistringsnivå 2 og 3. Dette er på same nivå som i fjor.

Rekning: 52,4 prosent av elevane på 5. årssteg skårar på meistringsnivå 2 og 3. Det er under den lokale målsetjinga og under det nasjonale snittet. Nasjonalt var det 76,6 % av elevane som skåra på meistringsnivå 2 og 3. Resultata lokalt varierer frå år til år. Dei to siste årskulla har skåra svakare i rekning.

Engelsk: 52,3 % av elevane skåra på meistringsnivå 2 og 3 i engelsk. Det er under den lokale målsetjinga i faget som er at 75 % av elevane skårar på meistringsnivå 2 og 3. Denne målsetjinga er i tråd med den nasjonale målsetjinga for faget. Nasjonalt skårar 75,2 % av elevane på meistringsnivå 2 og 3.

Nasjonale prøver 8. årssteg

Lesing: 65,8 % av elevane på 8. årssteg skårar på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Dette er noko under den lokale målsetjinga som er sett til 70 %. Nasjonalt var det 75,4 % av elevane som skåra på meistringsnivå 3,4 og 5. Elevane skåre litt betre enn elevane førre år.

Rekning: I rekning skårar 61 % av elevane i Vestnes på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Dette er lågare enn den lokale målsetjinga på 70. Nasjonalt var det 69,2 % av elevane som skåra på nivåa 3, 4 og 5. Resultatet er litt betre enn førre skuleår medan det nasjonale resultatet går litt tilbake.

Engelsk: 70,4 % av elevane i Vestnes skårar på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Det er ei lokal målsetjing at 70 % av elevane skal skåre på dei tre øvste nivåa. Nasjonalt var det 73 % som skåra på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Resultatet er betre enn førre skuleår. Elevane i Vestnes er ikkje så langt frå det nasjonale snittet i engelsk.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Det var 69,8 % av 2013-kullet i Vestnes, som hadde gjennomført vidaregåande opplæring etter 5 år. Dette er på nivå med resultatet til 2012-kullet der 69,7 % gjennomførte vidaregåande opplæring etter 5 år. Resultatet for 2011-kullet var 68,8 % og heile 72,1 % for 2010-kullet.

Nasjonalt var det 75,53% av elevane i 2013-kullet som gjennomførte vidaregåande opplæring etter 5 år.

Spesialundervisning

Talet på elevar som får spesialundervisning har dei siste åra auka igjen. Skuleåret 2018/2019 var det over 10 % av elevane i Vestnes som mottok slik hjelp. For skuleåret 2019/2020 har talet på elevar som mottok spesialundervisning ytterlegare auka med 12 elevar. Skulane melder om eit auka tal på elevar med samansette vanskar, noko som legg press på ressursbruken òg i form av spesialundervisning. Psykisk helseteam for barn og unge si kartlegging i skulane i Vestnes underbyggjer tilbakemeldingane frå skulane. Det blir på sikt viktig å vidareutvikle samarbeidet og tenestene på tvers av dei kommunale sektorane.

Det er ønskjeleg at meir av hjelpa til denne gruppa elevar hadde skjedd ved god tilpassing innanfor den ordinære opplæringa. Sektoren må bruke effektivt dei nye digitale hjelpemidla i undervisninga. Det vil styrke opplæringa og forhåpentlegvis kan dette på sikt redusere spesialundervisninga.

System for oppfølging av skulane

Det er i Vestnes ein plan for kvalitetsvurdering av grunnskulane. Det er eit viktig arbeid å sikre kvaliteten i undervisninga. Det er også utarbeidd eit system for skulebasert vurdering, der dette arbeidet er regulert av lov og forskrift. Det blir årleg gjennomført skulebesøk ved den enkelte grunnskule. I desse møta deltek administrasjonssjefen og kommunalsjef for oppvekst. I møta blir det sett fokus på den enkelte skule sine resultat og satsingsområde.

Målet med skulebesøket:

- Sikre at skulen oppfyller krava i forskrift til Opplæringslova § 2-1, skulebasert vurdering.
- Kvalitetsutvikling i tråd med kommunen og skulen sin utviklingsplan.
- Plan for vidareutvikling i tråd med skulen sine kompetansebehov.

Kommunen utarbeider ei årsmelding for alle sektorane. Denne meldinga kjem i tillegg til tilstandsrapporten og beskriv viktige utfordringar og utviklingstrekk for sektoren.

2. Hovudområder og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrert ved grunnskular per 1. oktober det aktuelle skuleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskule. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskuleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomssteget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Lokale mål

Talet på årsverk må heile tida tilpassast utviklinga i elevtalet. Det er først når ein kan redusere talet på grupper/klassar at det er mogleg å gjere vesentlege reduksjonar i årsverk, som vil ha tyding for drifta.

Vestnes kommune skoleeier | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	2017-18	2018-19	2019-20
Talet på elevar	689	696	690
Årsverk for undervisningspersonale	69,3	76,8	72,9
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	88,5	87,8	88,4

Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elever og lærerårsverk, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Vurdering:

Elevtalet går ned med nokre få elevar i forhold til førre skuleår. Elevtalet vil synke i åra som kjem som følgje av låge fødselstal. Store elevkull går no ut av grunnskulen medan små kull kjem inn. Det var likevel gledeleg at det var ei korrigering i fødselstala i Vestnes i 2019. Frå å vere heilt ned i 50 barnfødsler eit par år er det no registrert 64 barn i Vestnes som er fødd i 2019. Det er likevel få, men ein viktig korrigering av fødselstala.

Skuleåret 2018/2019 var det 87,8 % av lærarane som hadde godkjent utdanning. For skuleåret 2019/2020 er talet på lærarar med godkjent utdanning 88,4%. Andelen lærarar med godkjent utdanning har vore relativt stabil dei siste åra.

2.1.2. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.


Lærartettleik i ordinær undervisning

Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt, mens andre kommunar fører dei på skolen i GSI. Dette kan til dømes vere timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.

Lokale mål

Gruppestorleiken må tilpassast den enkelte elevgruppa og må vere pedagogisk forsvarleg. Klassane/basisgruppene må gje den enkelte elev ein trygg sosial arena.

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta

frå Skoleporten

Vurdering:

Det er ikkje store skilnader i lærartettleiken i Vestnes sett i forhold til i fylket og nasjonen elles. Vi har i Vestnes følgd lærarnormen og hatt tilstrekkeleg med tilsette på det einskilde hovudsteg.

2.2. Læringsmiljø

2.2.1. Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:


- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Andel elevar som har blitt mobba (prosent):** Se eget diagram.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er andel mobbet som er i prosent.

Lokale mål:

Det er ei målsetjing at elevane i Vestnes svarar/skårar på same nivå som landet elles, på dei ulike områda av elevundersøkinga.


Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019-2020, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019-2020, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering:

Elevane på 7. årssteg skårar godt og i tråd med nasjonen elles på dei ulike områda i elevundersøkinga. På fleire av temaa er resultatet betre enn den nasjonale resultatet. Elevane gir høg skåre på temaet «støtte frå lærarane», noko som ei god tilbakemelding til lærarane i Vestnes som legg til rette for ei god opplæring for elevane. Det er gledeleg å registrere at det er få elevar som melder frå om at dei blir mobba.

Elevane på 10. årssteg skårar i tråd med nasjonen på dei fleste områda i elevundersøkinga. På temaet elevdemokrati og medverknad skårar elevane i Vestnes lågare enn tilfellet er for elevane elles i Noreg. Det er få elevar som meldar frå om at dei blir mobba.

2.2.2. Mobbing på skolen (prosent)


Mobbing på skolen viser prosentdelen elevar som svarer at dei blir mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare.

Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Lokale mål

Det er nulltoleranse for mobbing i skulane i Vestnes. Det er nedfelte rutinar for kva som skal skje når mobbing blir avdekt. Desse rutinane er skissert i «Overordna system for oppfylting av krava i opplæringslova kap. 9a» Dette er eit dokument som er utarbeidd av Kunnskapsnett Romsdal, som er eit regionalt samarbeid mellom kommunane i Romsdalsregionen.


Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2019–2020, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2019–2020, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering:

Det er framleis få elevar som melder frå om at dei blir mobba. Tala er «prikka» i den offentlege statistikken. Går vi bak tala er det likevel elevar i Vestnes som melder frå om situasjonar med mobbing. Vi har nulltoleranse for mobbing i skulane i Vestnes. Slik sett er ei mobbesak ei sak for mykje. Skulane arbeider systematisk for å ivareta skulemiljøet. Dette er eit kontinuerleg arbeid som vi aldri kan miste fokuset på. Trivsel og trygghet er grunnleggjande skal elevane lære og utvikle seg.

Viktige tiltak for å ivareta eit godt skulemiljø

- Trivselsundersøkingar – viktig å identifisere sårbare elevar for å kunne setje inn gode tiltak.
- MOT
- Aktivitetsdagar ved skulestart og skuleslutt kvart skuleår
- Kurs i psykisk helse på u-steget
- «Det er mitt valg» - livsmeistringsprogram med fokus på sosial og emosjonell læring, psykisk helse m.m.
- Partnerskap mot mobbing – aktivitetar som set fokus på eit viktig tema
- Zippys vener – skulane ønskjer å setje i gong dette programmet. Det er inngått samarbeid med helsestasjonen og PPT i forhold til dette. Kursing av tilsette har vore vanskeleg i vår som følge av Koronapandemien, men dette vil skje så snart det er mogleg. Zippys vener set fokus på ulike tema knytt til psykisk helse. Det er eit program som er utvikla for 1.-4. årssteg. Programmet skal utvidast slik at det òg omfattar aktivitetar for 5. årssteg.

2.3. Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

2.3.1. Nasjonale prøver 5. steget

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06.

Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylen viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.


Lokale mål

Lesing: Det er anbefalt nasjonalt at 75 % av elevane skal oppnå meistringsnivå 2 eller 3. Grunna lågare resultat over tid har vi valt at målet skal settast til 65%. Det er eit mål å på sikt kome opp nasjonalt nivå.

Rekning: Nasjonalt mål er at 75% av elevane skal oppnå meistringsnivå 2 eller 3. Kortsiktig mål er å oppnå 60 % av elevane på 5. årssteg skal nå desse nivåa. På lang sikt er målet at Vestnes skårar på anbefalt nasjonalt nivå.


Engelsk: Målet er at fleire skal opp på nivå 2 og 3. Målet er det same som det nasjonale målet, som er at 75% av elevane skårar på meistringsnivå 2 og 3.

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Lesing



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Lesing, Offentlig, 2019–2020, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Regning



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Regning, Offentlig, 2019–2020, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Engelsk



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Engelsk, Offentlig, 2019–2020, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Lesing: I lesing skårar 65,2 % av elevane på 5. årssteg på meistringsnivå 2 og 3. Det er litt over den lokale målsetjinga på 65 % og under snittet nasjonalt, der 76,8 % av elevane på 5. årssteg skåra på meistringsnivå 2. og 3. Dette er er på nivå med førre års nivå.

Rekning: 52,4 prosent av elevane på 5. årssteg skårar på meistringsnivå 2 og 3. Det er under den lokale målsetjinga og under det nasjonale snittet. Nasjonalt var det 76,6 % av elevane som skåra på meistringsnivå 2 og 3. Resultata lokalt varierer frå år til år. Dei to siste årskulla har skåra svakare i rekning.

Engelsk: 52,3 % av elevane skåra på meistringsnivå 2 og 3 i engelsk. Det er under den lokale målsetjinga i faget som er at 75 % av elevane skårar på meistringsnivå 2 og 3. Denne målsetjinga er i tråd med den nasjonale målsetjinga for faget. Nasjonalt skårar 75,2 % av elevane på meistringsnivå 2 og 3.

Fokuset på dei grunnleggjande ferdigheitene blir vidareført i det nye læreplanverket. Elevane på 5. årssteg bør i mellomsteget framleis ha fokus på dei grunnleggjande ferdigheitene.

2.3.2. Nasjonale prøver ungdomssteg

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylen viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.


Lokale mål

Lesing: Oppnå resultat på anbefalt nasjonalt nivå. 70 % skal oppnå dei tre høgaste nivåa.

Regning: Oppnå resultat på anbefalt nasjonalt nivå. 70 % skal oppnå dei tre høgaste nivåa.


Engelsk: Oppnå resultat på anbefalt nasjonalt nivå. 70 % skal oppnå dei tre høgaste nivåa.

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Regning



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2019-2020, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Lesing



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2019-2020, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Engelsk



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Engelsk, Offentlig, 2019-2020, Trinn 8, Begge kjønn


Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Lesing: 65,8 % av elevane på 8. årssteg skårar på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Dette er noko under den lokale målsetjinga som er sett til 70 %. Nasjonalt var det 75,4 % av elevane som skåra på meistringsnivå 3,4 og 5. Elevane skåre litt betre enn elevane førre år.

Rekning: I rekning skårar 61 % av elevane i Vestnes på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Dette er lågare enn den lokale målsetjinga på 70. Nasjonalt var det 69,2 % av elevane som skåra på nivåa 3, 4 og 5. Resultatet er litt betre enn førre skuleår medan det nasjonale resultatet går litt tilbake.

Engelsk: 70,4 % av elevane i Vestnes skårar på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Det er ei lokal målsetjing at 70 % av elevane skal skåre på dei tre øvste nivåa. Nasjonalt var det 73 % som skåra på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Resultatet er betre enn førre skuleår. Elevane i Vestnes er ikkje så langt frå det nasjonale snittet i engelsk.


Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, 2019-2020, Trinn 9, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Regning



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2019-2020, Trinn 9, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Lesing



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2019-2020, Trinn 9, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering:

Lesing: 72,3 % av elevane på 9. årssteg skårar på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Nasjonalt var det 84,7 % av elevane som skåra på meistringsnivå 3,4 og 5. Det er for mange elevar frå Vestnes som skårar på dei 2 lågaste meistringsnivåa. Det er gledeleg å sjå at talet på elevar som skårar på meistringsnivå 5 er høgt. Det er fleire elevar frå Vestnes som skårar på meistringsnivå enn i snittet i fylket og kommunegruppe 11.

Rekning: I rekning skårar 76,4% av elevane i Vestnes på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Nasjonalt var det 79,7 % av elevane som skåra på nivåa 3, 4 og 5. Det er gledeleg å registrere at det er veldig få elevar frå Vestnes som har skåra på meistringsnivå 1. Det er færre elevar frå Vestnes som har skåra på dette meistringsnivået enn nasjonalt. Det er òg gledeleg å sjå at vi skårar bra på meistringsnivå 5. Her er vi liket etter det nasjonale snittet og betre enn både fylke og kommunane i kommunegruppe 11.

2.3.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Lokale mål

Mål for standpunktkarakterane:

Norsk hovudmål skriftleg: 4


Norsk sidemål skriftleg: 4

Engelsk skriftleg: 3,9

Matematikk skriftleg: 3,5

Resultat standpunkt våren 2019

Fag:	Vestnes	MR-fylke	Nasjonalt
Matematikk	3,1	3,7	3,7
Norsk hovudmål skriftleg	3,4	3,9	3,9
Norsk sidemål skriftleg	3,4	3,9	3,8
Norsk munnleg	4,1	4,3	4,3
Engelsk skriftleg	3,7	4,0	4,0
Engelsk munnleg	4,3	4,2	4,3




Vurdering:

Resultata i matematikk standpunkt er litt svakare enn førre skuleår, då snittet var om lag på nivå med det nasjonale resultatet. Elevane som vart trekt ut til eksamen i matematikk gjorde det betre enn snittet til standpunkt. Vi gjer det òg vesentleg betre i engelsk til standpunkt enn elevane som vart trekte ut til eksamen. Det same er tilfelle for det nasjonale snittet i engelsk som går noko ned frå standpunkt til eksamen. I engelsk munnleg er resultata bra og heilt i tråd med den nasjonale resultatet. Elevane er heller ikkje langt under det nasjonale snittet i norsk munnleg til standpunkt.

Resultat eksamen våren 2019

Fag:	Vestnes	MR-fylke	Nasjonalt
Engelsk munnleg	5,1	4,6	4,6
Engelsk skriftleg	3,1	3,6	3,7
Matematikk skriftleg	3,3	3,6	3,6
Matematikk munnleg	3,4	4	4,2
Naturfag munnleg	3,6	4,2	4,3
Norsk munnleg	4,8	4,5	4,5
Samfunnsfag munnleg	4,2	4,4	4,5



Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering:

Elevane i Vestnes har tradisjonelt gjort det bra til munnleg eksamen. Vi ser at resultatata til munnleg eksamen i matematikk og naturfag er noko lågare enn resultatata nasjonalt. Resultata er på nivå med elevane i fylket og nasjonalt i dei andre munnlege eksamensfaga. Elles er resultatet i norsk munnleg gode. I dei skriftlege faga skårar elevane svakare enn nasjonen elles. Resultatet i engelsk er lågare enn kva som har vore vanleg. Resultatet i matematikk er nett under det nasjonale snittet, sjølv om det er litt svakare enn kva som var tilfelle til eksamen våren 2018.

2.3.4. Grunnskolepoeng

Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven


Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

Det er ei målsetjing å kome opp på eit snitt på 40,0 grunnskulepoeng.

Indikator og nøkkeltall	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Vestnes	38,9	37,6	37,5	40,4	39,3	39,1
MR-fylke	40,4	40,7	41,0	41,3	41,8	41,9
Nasjonalt	40,3	40,7	41,1	41,4	41,8	41,9

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform




Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Det har dei siste 6-7 åra vore noko variasjon i grunnskulepoenga til avgangselevane. Dette syner at dei ulike årskulla har ulike føresetnader. Dei siste tre åra har resultatet stabilisert seg på mellom 39 og 40 poeng. Elevane som gjekk ut av grunnskulen i Vestnes våren 2019 hadde i snitt 39,1 grunnskulepoeng. Det er flott at resultatet har stabilisert seg på eit noko høgare nivå. Vi veit det er ein nær samanheng mellom grunnskulepoenga til elevane og gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

2.4. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO



Vurdering

69,8 % av 2013-kullet frå Vestnes gjennomførte vidaregåande opplæring i løpet av 5 år. Dette var på line med resultatet til 2012-kullet.

Det var 69,7 % av 2012-kullet i Vestnes, som hadde gjennomført vidaregåande opplæring etter 5 år. Dette er ei lita auke frå 2011-kullet der 68,8 % gjennomførte vidaregåande opplæring etter 5 år. Resultatet for 2010-kullet var heile 72,1 %.

Nasjonalt var det 74,5% av elevane i 2012-kullet som gjennomførte vidaregåande opplæring etter 5 år. Av 2013-kullet var det 75,3 % av elevane som gjennomførte vidaregåande opplæring etter 5 år.

2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

Ein feil i Skoleporten gjer at overgangar frå grunnskule til VGO ikkje blir vist i mal for tilstandsrapport for offentlege skuleeigarar. Vi jobbar med å løysa problemet, og tilrår at ein inntil vidare hentar ut tala frå rapportbyggjaren i Skoleporten.

Lokale mål

Det er ei målsetjing at så mange som mogleg startar i vidaregåande opplæring.

Vestnes kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	2017	2018	2019
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskole			
Vestnes kommune skoleeier			*
Kommunegruppe 11			
Møre og Romsdal fylke			
Nasjonalt			
Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Overgangen fra grunnskole til VGO, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn			

Vurdering:

Resultata var ikkje heller mogleg å hente ut av skuleporten. Normalt har dei aller fleste av elevane i Vestnes starta opp i vidaregåande opplæring hausten etter at dei har gått ut av grunnskulen. Dette gjeld om lag 97 % av elevane.

3. System for oppfølging (internkontroll)

3.1 Plan for kvalitetsvurdering i grunnskulen

§ 13-10 i Opplæringslova set krav til skuleeigar om å utarbeide eit system for kvalitetsvurdering av verksemda. Det skal vurderast om skuletilbodet er organisert slik at ein når målsetjingane i læreplanverket for kunnskapsløftet (LK06).

3.2 Plan for kvalitetsutviklinga i grunnskuleopplæringa I Vestnes kommune

Plan for kvalitetsutviklinga av grunnskuleopplæringa for 2015-2018, blei vedtatt av Kommunestyret 26.03.15. Planen må rullerast inneverande år. Det er naturleg at det nye kommunestyret etter valet får vere med å utarbeide planen og setje sitt preg på utviklinga i skulane i Vestnes dei fire neste åra.

3.3 System for skulebasert vurdering

Det er i kommunen utvikla ein plan for skulebasert vurdering.

3.4 Skulebesøk

Administrasjonssjefen og kommunalsjef oppvekst besøkjer årleg dei kommunale grunnskulane. Dei har møte med skuleleiinga og plangruppa, og samtalen tek utgangspunkt i sentrale område i «Plan for skulebasert vurdering og kvalitetsarbeid». Fokuset er på skulen sin utviklingsplan, der ein vurderer status og satsingsområde vidare.

I skulebesøka i 2019 har det vore fokus på resultatoppfølging, der resultata frå dei nasjonale prøvene og elevundersøkinga har vore viktige kjelder. I besøka har administrasjonen fått presentert resultat frå skulebaserte undersøkingar, som er viktige for å kartleggje skulemiljøet ved den einskilde skule. Skulane har hatt høve til å melde inn saker til administrasjonen i forkant av skulebesøka. Delar av skulebesøket blir då ein dialog kring saker som skulane ønskjer å ta opp med administrasjonssjefen og kommunalsjef oppvekst.

3.5 Skuleleiarmøte

Det er skuleleiarmøte kvar månad. I desse møta er informasjon mellom leiarnivåa viktig. Skuleleiarane kan ta opp med administrasjonen viktige saker for skulane. Kommuneniivået har ei viktig oppgåve i å formidle føringar frå sentrale myndigheiter. Det er også ein viktig arena for utviklingsarbeid og for å utvikle konkrete tiltak som aukar kvaliteten på opplæringa.

3.6 Årsmelding

Vestnes kommune lagar kvart år ei årsmelding for alle sektorane. Grunnskulen har sin del av denne meldinga, der utviklingstrekk og utfordringar i sektoren blir presenterte. Årsmeldinga blir utarbeidd i samarbeid med skuleleiarane.

4. Konklusjon

Skuleeigar skal årleg utarbeide ein rapport som viser resultat og utviklingstrekk for sektoren. Dette arbeidet er heimla i opplæringslova og rapporten skal brukast for å utvikle kvaliteten i sektoren.

Det er eit system for kvalitetsarbeid i sektoren, der skulane skal følgje opp resultatane sine og bruke desse for å utvikle kvaliteten på undervisninga. I skulebesøka har gjennomgang av resultatane og tiltaka eit viktig fokus.

Utviklingsarbeid og målsetjingar må utarbeidast og arbeidast med over tid. Dei langsiktige måla blir nedfelt i «Plan for kvalitetsutvikling i grunnskuleopplæring». Sektoren har arbeidd inneverande skuleår med innhaldet i planen for dei neste 4 åra. Målsetjinga var å ha planen til politisk behandling før sommaren. Det har vi ikkje fått til, noko det er fleire årsaker til. Ein av grunnane er koronapandemien som sette både skular og kommuneadministrasjonar i heile landet på prøve. Fokuset har dei siste månadene vore på å levere god heimeundervisning over digitale flater. Skulane har i tillegg gitt tilbod til utsette elevar og til elevar der føresette har arbeid i samfunnskritiske funksjonar. Ved gjenopninga av skulane har fokuset vore på å organisere skuledrifta i tråd med dei nasjonale rettleiarane for smittevern. Sektoren har òg venta på at fagplanane vart ferdige før vi valte ut fokusområde for utviklingsarbeidet dei neste åra.

Utfordringar for sektoren i åra som kjem

Skulebygg

Planlegginga av den nye ungdomskulen er no kome i gong igjen. Det er skrive kontrakt med «ART arkitekter og ingeniører». Prosjektleiaren frå ART er Gitte Langlo. Ho har lang erfaring med skulebygg og har vore involvert i fleire skuleprosjekt i omliggjande kommunar. Prosjektet byggjer vidare på arbeidet og planane som er utarbeidd tidlegare. Vi har med andre ord med oss tankegodset frå konseptstudiet for bygging av ekstern ungdomsskule og skissa som Norconsult utarbeidde for bruk av eksisterande bygningsmasse på Helland skule. ART utarbeider no eit oppdatert rom- og funksjonsprogram på bakgrunn av dei tilbakemeldingane som kom, når «skulesaka» var oppe til behandling i kommunestyret i desember 2019. Kommuneleiinga har hatt fleire møte med ART no i løpet av våren. Det har vore gjennomført ei synfaring som òg har gitt verdifulle innspel til endringar og forbetringar av prosjektet. Samspel med tilsette i sektoren og brukargruppene elles, har vore vanskeleg no i vår som følgje av Koronapandemien. Vi kom derfor til at ART utarbeider ei ny skisse der innspela frå sektoren blir tatt omsyn til. Bygget blir òg modellert opp og teikningar omarbeidd. Det vil gi sektoren eit veldig godt utgangspunkt til diskusjon til hausten. Både tilsette og brukarorgana i sektoren må då inviterast med i det vidare arbeidet. Ei god involvering av sektoren er viktig i det vidare arbeidet med prosjektet. Det er ei målsetjing at prosjektet kan leggjast ut på anbod i løpet av hausten. Administrasjonen hadde skissert oppstart av prosjektet før sommaren 2021, med ei estimert byggetid på 1 år. Dette er ein stram plan, men den er mogleg å gjennomføre. Skulebygget skal etter planen stå ferdig til skuleåret 2022/2023.

Mange elevar i Vestnes har opplæringa si i gamle og utrangerte skulebygg. Per dato er det berre skulebygget i Tresfjord som har dei kvalitetane som eit moderne skulebygg bør ha. Både skulebygget i Fiksdal, ungdomsstegsbygget på Helland og mellomstegs-/ungdomsstegsbygget i Tomrefjord treng sårt ei opprusting. I tillegg veit vi at det er manglar på barneskulebygget på Helland som må utbetrast. Det er derfor særskild viktig for elevane og tilsette i sektor at dei får nye og betre lokalitetar. Nye og moderne skulebygg vil gjere skulesektoren i Vestnes attraktiv og kan gjere rekrutteringa av nye tilsette lettare.

For å skape ro i sektoren er det viktig at ein framtidig skulestruktur blir meisla ut. Dette vil spele inn på planane for utbetring av skulebygga. Strukturdebatten tek tid og energi både for politikarar, administrasjonen og tilsette elles i sektoren. Denne energien må etter kvart kanalisert over på opplæringa sitt innhald og kvaliteten på den. Møtet mellom lærar og elev kan lett miste fokuset i desse opprivande og krevjande prosessane. Det er eit viktig arbeid for politikarane og administrasjonen å leggje til rette for tryggje rammer for arbeidet som skal skje i skulen. Lærarane er våre viktigaste ressursar i arbeidet med å utvikle opplæringstilbodet i skulane i Vestnes. Dei treng støtte i dette arbeidet frå både administrasjonen og politikarane i Vestnes.

Digitalisering

Vi har over fleire år arbeidd med å utvikle bruken av digitale verktøy og ressursar i skulen. Vi har dei siste åra hatt 1:1-dekning av digitale verktøy til elevane. Dette har vore avgjerande for den utviklinga vi no ser. I tillegg vart dei trådlause nettverka på dei ulike skulane utbetra for få år sidan. Hastigheita på det trådlause nettet vart hausten 2019 ytterlegare auka. Ved innføring av læringsbrett (iPad) på 1.-4. årssteg gjennomførte lærarane ei kursrekke. Dette har vore eit viktig tiltak for å sikre ei god innføring og bruk av læringsbretta. Som følgje av desse tiltaka og satsingane stod lærarane godt rusta når Koronapandemien råka oss. Pandemien har sett skular og kommuneadministrasjonar på prøve landet gjennom. Lærarane i Vestnes har gjort ein strålande jobb med å leggje til rette for god heimeundervisning over digitale flater. Dei har ytterlegare heva si digitale kompetanse gjennom det intense arbeidet dei har lagt ned dei siste månadene. Vi har alle lærarane og dei tilsette elles i skulane å takke for at dette har blitt handtert på ein så bra måte.

Dei store satsingane på utstyr og materiell har kosta pengar. Sektoren har fått tildelt pengar over investeringsbudsjettet for å gjere desse viktige innkjøpa. Signala frå revisjonen er at vidare supplering og utskifting av utstyr må takast frå drifta. Det betyr at det årleg må bakast inn fleire hundre tusen i driftsbudsjettet i sektoren for å kunne ha ei rullering av utstyrsparke, der gamalt utstyr vert fasa ut.

Den nye læreplanen har eit ytterlegare fokus på digitalisering og digitalkompetanse. Tema som programmering og koding er no lagt inn i det nye læreplanverket. Dette krev utstyr og materiell for å gjennomføre god undervisning i desse temaa. Sektoren søkte i fjor vår støtte med Udir til innkjøp av utstyr til programmering. Vi var så heldige at vi fekk tildelt 50 000 kr. Det er kjøpt inn utstyr som er fordelt ut på skulane. Det vart òg søkt om tilskot til innkjøp av digitale læremiddel. Vestnes kommune fekk tildelt om lag 100 000,- kr til dette føremålet. Det er med andre ord mykje spanande som skjer i skulane i Vestnes. Både elevane og lærarane er engasjerte i dette arbeidet. Vi har på nytt, våren 2020, sendt inn søknad til Udir om tilskot til innkjøp av utstyr til programmering.

Vidareutdanning

Dei siste åra har mange lærarar fått tatt vidareutdanning gjennom ordninga «Kompetanse for kvalitet». Dei siste 4 åra har 15 lærarar i Vestnes tatt vidareutdanning. Fokuset har vore på basisfaga norsk, engelsk og matematikk. Dette for å stette kompetansekrava som sentrale styresmakter har innført i desse faga. Kommunane skal innan 2025 ha sikra at alle lærarar som underviser i desse faga har tilstrekkeleg kompetanse. Inneverande år er det òg ein lærar som tek utdanning i IKT knytt til dei nye føringane i læreplanverket. Vi hadde mange lærarar som hadde ønskje om å ta slik utdanning komande skuleår. Vi fekk dessverre berre med ein lærar på denne utdanninga. Dette skuldast nok stor søking då fagområdet er høgaktuelt som følgje av dei nye føringane om digital kompetanse i læreplanverket.

Det er viktig at det blir lagt til rette for at undervisningspersonalet får ta vidareutdanning i åra som kjem. Spesielt må kompetansen i basisfaga følgjast opp fram mot 2025.

Fagfornyng

Frå komande skuleår blir det nye læreplanverket innført. Skulane i Vestnes har inneverande skuleår arbeidd med dette. Hausten 2019 hadde vi fokus på overordna del av læreplanen. Denne delen erstattar den gamle «Generell del» som vart innført med læreplanen L-97. Dei overordna føringane i læreplanverket har med andre ord ikkje blitt revidert sidan 1997. Våren 2020 har fokuset vore på fagplanane i det einskilde fag. Både i hausthalvåret og no på våren har det vore arbeidd i grupper på tvers av skulane. Dette har fungert veldig bra. Spesielt er dette viktig i arbeidet med planane i fag. Då fagmiljøa ikkje er så store på den einskilde skule i Vestnes, er det flott å kunne møtast på tvers av skulane.

Det er bestemt at arbeidet med Fagfornyng blir det overordna temaet for utviklingsarbeidet dei neste skuleåra. Plan for kvalitetsutvikling i skulen må reviderast og nye tema og tiltak må leggjast inn. Sektoren hadde håpa å ha ein slik plan klar for politisk behandling i vår. Det har vore ein spesiell vår der Koronapandemien har tatt mykje av fokuset både for administrasjonen og skulane. Vi har derfor ikkje fått dette til. Det må til hausten arbeidast vidare med dei planane vi har for utviklingsarbeidet framover.



Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 26/20	Kontrollutvalet	31.8.2020
	Kommunestyre	

FORSLAG TIL BUDSJETT 2021 - KONTROLLARBEIDET I VESTNES KOMMUNE

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2021 med ei ramme på kr 1 127 550.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Bakgrunn for saka

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon seier følgjande:

§ 2. Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet

Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.

Budsjettforslaget skal synleggjere kontrollutvalet sine egne kostnader og kostnader knytt til revisjon og sekretariatstenester.

Vestnes kommune kjøper sekretariatstenester for kontrollutvalet hos *Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal* som er eit interkommunalt samarbeid heimla i gamal kommunelov § 27.

Vestnes kommune er eigar i *Møre og Romsdal Revisjon SA* (MRR SA), og har revisjonstenester frå dette selskapet.

Vedlagt følgjer:

- Kostnadsfordeling sekretariatstenester for 2021
- Estimat 2021 Vestnes kommune, e-post Møre og Romsdal Revisjon SA 18.08.2020
- Økonomirapport Vestnes 12.8.2020

VURDERING

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen der utgifter til utvalet si eiga verksemd, sekretariatsbistand og revisjon kjem fram.

Det er forskriftsfesta at kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontroll og tilsyn skal leggast fram uforandra til kommunestyret. I kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar for kontrollutvalsarbeidet står det:

«Budsjettforslag fra kontrollutvalget kan bare endres av kommunestyret. Grunnen til at kontrollutvalgets budsjett er i en særstilling, er at utvalget skal være fritt og uavhengig av de organene som utvalget skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller et organ som kontrollutvalget skal kontrollere og ha tilsyn med, for eksempel formannskapet eller administrasjonsutvalget, får innvirkning på tilsynsorganets budsjetttramme.»

Kommunestyret kan sjølvsagt vedta eit anna budsjett enn det kontrollutvalet føreslår, men administrasjonen skal ikkje ha innverknad på kontrollutvalet si budsjetttramme.

I budsjettframlegget er det lagt opp til at kontrollutvalet kan avvikle 6 møter i året.

Budsjettforslaget kan spesifiserast som følgjer:

Konto	Tekst	Budsjett for 2021	Budsjett for 2020	Pr. 12.08.20
1082	Godtgjersle folkevalde	32 000	27 000	
1083	Tapt arbeidsforteneste	0	10 000	
1099	Arbeidsgjevaravgift	3 400	5 000	
1102	Tidsskrift/abonnement	17 000	17 500	15 685
1150	Opplæring og kursutgifter	25 000	40 000	
1160	Bilgodtgjersle + diett (oppg.pl.)	0	1 000	
1171	Utgiftsdekning reise	2 000	4 000	
1197	Kontingentar	7 000	7 000	7 000
	Sum kontrollutvalet si eiga verksemd	86 400	111 500	
1272	Andre konsulenttenester (revisjon)	800 000	680 000	424 000
1380*	Kjøp av tenester frå eigne særverksemdar	241 150	241 143	241 143
	Sum kontrollutval, sekretariat og revisjon	1 127 550	1 032 643	

*Sekretariatet (1380) fakturerer pr. halvår, revisjonen (1272) fakturerer pr. kvartal.

Kommentarar til nokre av budsjettpostane:

1080 Godtgjersle folkevalde – Her er det tatt utgangspunkt i satsane for godtgjersel pr. 3.10.2019. Medlem av kontrollutvalet får godtgjersle pr. møte lik 0,8 o/oo av ordføraren si årsgodtgjersle. Leiar får 2,4 o/oo. Godtgjersla for folkevalde blir i Vestnes kommune justert kvart år pr. 1.5. Kontrollutvalet avviklar 6 møter å året.

Satsane i Vestnes er med utgangspunkt i grunnbeløpet i folketrygda. Som følge av Korona-situasjonen er trygdeoppgjeret utsett til hausten, og satsane er difor ikkje justert pr. 1.5.2020 som vanleg. Det er ikkje utbetalt godtgjersel til kontrollutvalet for 1. halvår 2020.

1080 Tapt arbeidsforteneste – Etter det sekretariatet har oversikt over, så er det ikkje nokon av dei som er valt inn i kontrollutvalet denne perioden, som har behov for tapt arbeidsforteneste. Det vert difor ikkje budsjettert med kostnader på denne posten for 2021.

1102 Tidsskrift/abonnement – Kontrollutvalet sine medlemmer får medlemsbladet til Norges Kommunerevisorforbund og abonnement på avisa Kommunal Rapport. Dette gjev utvalet tilgang på fagartiklar og problemstillingar som er nyttig for arbeidet i kontrollutvalet. Det er i 2020 rekneskapsført 15685,- på denne posten.

1150 Kurs og opplæring, eksternt – Grunna uvisse rundt koronasituasjonen er denne posten foreslått redusert frå budsjett 2020. Det er likevel budsjettert med at nokre utvalsmedlemmer kan delta på ein konferanse i 2021. Det er viktig med opplæring i starten på valperioden. Grunna Koronapandemien, så vart FKT sin fagkonferanse i juni 2020 avlyst. Det var difor berre eit medlem som har fått deltatt på kurs/konferansar i 2020; Dette var på NKRF sin kontrollutvalskonferanse som vart avvikla i januar, faktura for denne konferansen er ikkje registrert i rekneskapsystemet. Det er framleis usikkert kva som vert avvikla av konferansar i

2021. NKRF sin kontrollutvalskonferanse er utsett frå januar til april. Det er kanskje mest aktuelt å delta på FKT sin fagkonferanse som etter planen skal arrangerast i Ålesund juni 2021.

1197 Kontingentar – Vestnes kommune har medlemskap i FKT. Størrelsen på kontingenten er bestemt ut frå kommunen sitt innbyggjartal. Vestnes kommune sin sats er på 7 000,-. Dette er same sats om i 2020

1272 – Andre konsulenttenester – Vestnes kommune har revisjonstenester frå MRR SA. Revisjonstenestene blir fakturert etter medgått tid. Det er difor stipulert eit beløp på bakgrunn av erfaringstal. I budsjettet er det stipulert 450 000,- (mot 480 000 i 2020) til rekneskapsrevisjon og 400 000,- til forvaltningsrevisjon. Det vert for 2021 budsjettet midlar til levering av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt. I 2020 var det ikkje budsjettet med levering av forvaltningsrevisjonsprosjekt, berre tenester til risiko og vesentleganalysar knytt til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll . Difor har sekretariatet lagt inn ei auke i budsjett utover det estimatet revisjonen kjem med. I løpet av ein valperiode så er det ønskeleg å gjennomføre 2-3 forvaltningsrevisjonar.

1380 – Kjøp tenester frå eigne verksemdar - Styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal vil i møte 24.8.2020 handsame budsjetttramma for sekretariatet for 2021. Selskapet har for 2021 budsjettet med bruk frå disposisjonsfond, slik det også vart i 2018, 2019 og 2020. Styret vedtok i styremøte 24.8.2020 at det skulle budsjetterast med bruk av 242 000,- slik at kostandane for kommunane skulle bli den same i 2021 som i 2021.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som her er gjort . Det vil seie at utvalet tilrår kommunestyret å vedta kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2021 med ei netto ramme på kr 1 127 550.-, som inkl. kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet. Saka vert lagt fram med ovannemnte forslag til vedtak.

Jane Anita Aspen
daglig leder

Kostnadsfordeling - Sekretariatstjenester for kontrollutvalgene 2021

Kommune	Folketall 01.01.20	Fordeling %	70 % folketall	30 % fast	Sum
Aukra	3 509	5,0	79 730	97 629	177 359
Hustadvika	13 279	18,0	287 027	97 629	384 656
Gjemnes	2 629	4,0	63 783	97 629	161 412
Molde	31 967	44,0	701 623	97 629	799 252
Rauma	7 468	10,0	159 460	97 629	257 089
Sunndal	7 036	10,0	159 460	97 629	257 089
Vestnes	6 532	9,0	143 514	97 629	241 143
Sum	72 416	100,0	1 594 597	683 403	2 278 000

Fra: [Veslemøy Ellinggard](#)
Til: [Aspen, Jane Anita](#)
Kopi: [Anne Oterhals](#)
Emne: Estimert 2021 Vestnes kommune
Dato: 18. august 2020 15:14:37

Hei Jane,

Vårt estimert for regnskapsrevisjon og attestasjoner for 2021 for Vestnes er kr. 450 000 eks. mva. I tillegg mener vi at det bør budsjetteres med kr. 230 000 for forvaltningsrevisjon/andre undersøkelser for 2021.

Samlet budsjett blir da kr. 680 000, dvs. det samme som innspillet vi ga for 2020. Likevel inkluderer det en kostnadsreduksjon for regnskapsrevisjon på kr. 30 000, med tilsvarende økning for flere tjenester innenfor forvaltningsrevisjon.

Med vennlig hilsen

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Veslemøy E. Ellinggard

Daglig leder/Statsautorisert revisor

Tlf. 90 75 00 45

veslemoy.ellinggard@mrrevisjon.no



1 Vestnes kommune (2020) - År/Periode 2020 1 - 12

12.08.2020

	Regnskap 2020	Buds(end) 2020
Ansvar: 1009 Kontrollutval og Revisjon		
Teneste: 1003 Kontrollorgan		
1082 Møtegodtgjersle	0,00	27.000,00
1083 Tapt arbeidsforteneste	0,00	10.000,00
1099 Arbeidsgjevaravgift	0,00	3.922,00
1102 Tidsskrift/abonnement	15.685,00	18.000,00
1150 Kurs og opplæring, eksternt	0,00	40.000,00
1160 Bilgodtgjersle	0,00	1.000,00
1171 Reiseutgifter tilsette (ikkje godtgjersler)	0,00	4.000,00
1197 Andre kontingentar og lisensavgifter	7.000,00	7.000,00
1272 Andre konsulenttenester/vikartenester	424.000,00	0,00
1380 Kjøp av tenester frå egne særverksemdar	241.143,00	241.000,00
1390 Kjøp frå IKS der kommunen er deltakar	0,00	680.000,00
1621 Internsalg tjenester - Dummyart	0,00	-9.000,00
1690 Fordelte utgifter FDV	0,00	9.000,00
Sum teneste: 1003 Kontrollorgan	687.828,00	1.031.922,00
Teneste: 1100 Revisjon		
1690 Fordelte utgifter FDV	0,00	-9.000,00
Sum teneste: 1100 Revisjon	0,00	-9.000,00
Sum ansvar: 1009 Kontrollutval og Revisjon	687.828,00	1.022.922,00
TOTALT	687.828,00	1.022.922,00



VESTNES KOMMUNE

Kontrollutvalet

Saksmappe: 2020-1535/04
Arkiv: 216
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 3.7.2020

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 27/20	Kontrollutvalet	31.8.2020
	Kommunestyret	

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023

Sekretariatet si tilråding

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Vestnes kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, med følgjande tema:
 - Offentlege anskaffingar
 - Barnevern
2. Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokon av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen viser eit slikt behov, kan kontrollutvalet velje å prioritere å gjennomføre forvaltningsrevisjon i planperioden.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema som er omtala i planen.
4. Dersom det oppstår noko uføresett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre områder for forvaltningsrevisjon.

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 23-3 og Forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5.

Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultatane av disse til kommunestyret, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 4.

§ 23-3. Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

I kontrollutvalsmøte 4.11.2019, bestilte utvalet ei risiko- og vestlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap for å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon..

Møre og Romsdal Revisjon SA leverte «*Risiko- og vesentlighetsvurdering – Grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon av kommunes virksomhet og virksomhet i kommunes selskaper 2020-2023 Vestnes kommune*» 24.4.2020. Utvalet fekk framlagt risiko- og vesentlegvurderinga i møte 4.5.2020.

Denne saka skal munne ut i ei Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023. Plana skal endeleg vedtakast av kommunestyret, og skal danne grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjonar.

Vedlagt følgjer:

- Risiko- og vesentlighetsvurdering – Grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon av kommunes virksomhet og virksomhet i kommunes selskaper 2020-2023 - Vestnes kommune, datert 24.4.2020, Møre og Romsdal Revisjon SA

VURDERING

Forvaltningsrevisjonsarbeidet er ein sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er difor viktig at kontrollutvalet bruker Plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøve ein mest mogleg målretta og effektiv tilsynsfunksjon i kommunen, i tråd med kommunestyret sine signal.

Risiko- og vesentlegvurderinga revisjonen har gjennomført, er grunnlaget for at kontrollutvalet skal kunne prioritere mellom områder i kommunen der det er identifisert risiko for avvik. Kontrollutvalet må vidare vurdere kva områder som er mest vesentlege. Revisjonen har analysert risikofaktorar dei vurderer er vesentlege for at kommunen skal kunne nå sine målsetjingar. Risikofaktorane er vurdert ut frå kor truleg det er at den vil inntreffe, og konsekvensen det vil ha om det skjer. Revisjonen har tatt omsyn til dei tiltak kommunen har satt i verk for å sikre ein trygg internkontroll.

Revisjonen skriv i sin rapport at basert på deira risiko- og vesentlegvurdering er følgjande områder vurdert å ha størst risiko:

- Offentlege anskaffelsar
- Sjukefråvær
- Barnevern
- Psykisk helse
- Vedlikehald av kommunale bygg
- Kommunale vegar
- Forvaltningsrevisjon i selskap som kommunen eig.

I arbeidet med analysa, har revisjonen gjennomført ei omfattande dokumentgjennomgang av kommunale planar, retningsliner, reglement, politiske vedtak, tilstandsrapportar, årsrapportar, tilsynsrapportar og statistikkar. I tillegg har det vore dialog med kontrollutvalet og det har vore utsendt spørjeundersøking til tre einingsleiarar, leiar for AMU og tillitsvalt i AMU samtale med ny og gamal administrasjonssjef. Sidan ordførar ikkje har svara på undersøkinga, så er dei einaste innspela frå politisk nivå kome frå frå kontrollutvalet sine medlemmer. Dette er ei svakheit med risiko- og vesentlegvurderinga, vurderer sekretariatet.

Utvalet må vere merksam på at revisjonen i sitt arbeid ikkje har kunna gått grundig inn i vurderingane ut frå dei ressursar som var satt av til arbeidet. Dei områda som utpeikar seg, er difor gjerne områder som har ein ibuande risiko, og som vil vere risikoområder i alle

kommunar i større eller mindre grad. Det er likevel viktig å vere merksam at det i Vestnes kommune er to av områda som utpeika seg med høgt risikonivå i følgje revisor si analyse:

- Offentlege anskaffingar
- Barnevern

Offentlege anskaffingar

Det går fram av revisjonen sin rapport at test som revisjonen gjennomført i januar 2020, avdekka at kommunen ikkje har ført anskaffingsprotokoll ved alle innkjøp der dette er eit krav. Ikkje alle innkjøparane er klar over at dei skal føre anskaffingsprotokollar, ikkje alle innkjøparane kjenner til kva som står i det nye innkjøpsreglementet frå 2019 og kommunen har ikkje rutine på å gjennomføre testar om anskaffingsregelverket vert følgt ved kommunen sine innkjøp. Ut frå dette har revisjonen utpeka dette området som eit område med høgt risikonivå.

Ut frå dette vurderer sekretariatet at Offentlege anskaffingar bør inngå i Vestnes kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2020-2023.

Barnevern

Det går fram av revisjonen sin rapport at barn i fosterheim som ikkje har fått oppfølging i tråd med lovkrav i 2019, er høgare i Vestnes enn i fylket og landet. Tilsynskrav i fosterheimar som ikkje er oppfylt i 2019, er høgare i Vestnes enn i fylket og landet. Fristbrot i undersøkingssaker i 2019, er betydeleg høgare i Vestnes enn i fylket og landet. Vestnes hadde høgare driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjarar 0-22 år, enn i same kommunegruppe, enn fylket og landet utan Oslo. Kvalitet i barnevernet er ein risikofaktor som av revisjonen er vurdert til å ha eit høgt risikonivå.

Barnevernstenesta i Vestnes vart overført til Interkommunal barnevernsteneste for Aukra, Midsund, Molde, Eide og Vestnes frå oktober 2018. Molde er vertskommune. Det er frå 1.1.2020 Aukra Molde og Vestnes kommunar som deltek i samarbeidet

Det utvalet må vere merksam på, er at barnevern også er eit område som fylkesmannen og Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (BUFdir) har stor merksemd på. Kommunane skal jamleg rapportere inn data, som vert publisert i BUFdir sin kommunemonitor for barnevern. Her kan utvalet halde seg orientert om utviklinga. Det er denne informasjonen revisor har brukt i sin risiko- og vesentlegvurdering. Fylkesmannen gjennomfører halvårleg samlingar med tilsette i barnevernstenesta i fylket, noko som bidreg til kvalitetsutvikling. Fylkesmannen gjennomfører også tilsyn på barnevernsområdet. Det at fylkesmannen følgjer dette området så tett, talar kanskje mot at kontrollutvalet skal bruke ressursar på ein forvaltningsrevisjon. Samstundes viser revisjonen sin analyse at det er eit område med høgt risikonivå, det er tenester som gjeld ei sårbar gruppe og det er kostbare tenester for kommunen.

Det kan vere hensiktsmessig at dersom det skal bestillast eit forvaltningsrevisjonsprosjekt, så vert dette gjort samstundes av kontrollutvala i Molde, Vestnes og Aukra kommunar.

Sekretariatet vil rå til at dette området vert prioritert i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023, men at kontrollutvalet får mynde til å vurderer tidspunkt for bestilling, avhengig av om Molde og Aukra kommunar også prioriterer dette området i sin plan for forvaltningsrevisjon.

Når det gjeld dei øvrige områda som revisjonen trekker fram i si risiko- og vesentlegvurdering, så viser desse eit risikonivå som ligg på medium.

Sjukefråvær

Det er i rapporten ikkje vurdert risikofaktorar knytt direkte til sjukefråvær, men dette kjem fram under risikofaktoren «Arbeidsgiveransvaret ivaretas ikke på en tilfresstillende måte», som kjem ut med eit risikonivå på medium.

Det kjem fram i revisjonen sin rapport at sjukefråværet sidan 2013 har ligge mellom 10,3 % og 8,9 %. Målet for 2019 var å kome ned på 8 %, men enda på 9,9 %. Kommunen har ikkje lukkast med å få ned sjukefråværet, sjølv om det har vore fokus på å forebygge sjukefråvær og hindre fråfall. Bedriftshelsetenesta er i 2020 i gang med å utarbeide samarbeidsavtalar for dei fleste einingar, og i denne gjennomgangen er sjukefråvær eit fast punkt, opplyser administrasjonssjefen til revisor. Vestnes kommune har i lengre tid arbeid systematisk med å redusere sjukefråværet, utan å lukkast. Dette er difor ei område som kanskje bør trekkast fram i plan for forvaltningsrevisjon, sjølv og sekretariatet er noko i tvil om ein forvaltningsrevisjonsrapport vil bidra til meir kunnskap enn den som allereie føreligg i kommunen sin administrasjon og bedriftshelsetenesta.

Forvaltningsrevisjon i selskap som kommunen eig

